



Kvalitet på opplæringa i skulen

Forvaltningsrevisjonsrapport
Sauda kommune

April 2019

www.kpmg.no

Forord

Etter vedtak i kontrollutvalet i Sauda kommune 12.11.2018 sak 23/18, har KPMG gjennomført ein forvaltningsrevisjon retta mot kvalitetsarbeidet i skulane i kommunen. Denne rapporten svarar på kontrollutvalet si bestilling.

Oppbygging av rapporten

Våre konklusjonar og tilrådingar går fram av samandraget i rapporten. Kapittel 1 har ei innleiing til rapporten. Her blir føremål, problemstillingar, revisjonskriterier og metode presentert. I kapittel 2-5 svarar vi på problemstillingane i forvaltningsrevisjonen. I kapittel 6 presenterer vi våre tilrådingar. I kapittel 7 er rådmannen sin uttale til rapporten tatt inn.

Vi vil takke kommunen for god hjelp i arbeidet vårt med forvaltningsrevisjonen.

Hovudbodskap

Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøkje kvaliteten på opplæringa i grunnskulen i Sauda kommune, med eit særleg fokus på resultatutviklinga i skulen og årsaker til eventuell varierende kvalitet på utviklinga. Vi har kartlagt resultatata til elevane på nasjonale prøver og skulane på elevundersøkingar. Vidare har vi undersøkt i kva grad skulane tek i vare krav til skulebasert vurdering i forskrift til opplæringslova § 2-1. Vi har også undersøkt elevane sitt behov for spesialundervisning og samsvaret mellom tilrådd omfang på spesialundervisning og faktisk tilbod om spesialundervisning. Til slutt har vi kartlagt i kva grad skulen er tilrettelagt for minoritetsspråklege elevar, og om desse elevane får tilstrekkeleg norskopplæring.

Under er våre konklusjonar og tilrådingar.

Hovudvurderingar

Skulebasert vurdering

Revisjonen vurderer på bakgrunn av intervjudata at skulane gjennomfører aktivitetar i tråd med skulebasert vurdering, men at desse aktivitetane ikkje er sett i system. Kommunen har tatt tak i dette, og er i ferd med å utarbeide eit system for skulebasert vurdering. Kommunen har i denne samanheng utarbeida ei rutine og eit årshjul for arbeidet med skulebasert vurdering. Skulebasert vurdering vil gjennomførast på alle skulane som ei pedagogisk analyse i månadsskiftet mars-april kvart år. Våren 2019 vil skulane foreta ei skulebasert vurdering på motivasjon, som er vald ut på bakgrunn av resultat frå elevundersøkinga der skulane skårar dårleg.

Rutinen legg opp til at skulane gjennomfører skulebasert vurdering jamleg og at tilsette, føresette og elevar blir aktivt inkludert i arbeidet med skulebasert vurdering. Vidare legg rutinen opp til at skulane vurderer om det er behov for å gjennomføre endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa som ein del av den skulebaserte vurderinga. Rutinen legg også opp til at endringar blir fylgt opp.

Etter utdanningsdirektoratet sin rettleiar for skulebasert vurdering skal skulane velje tema for den skulebaserte vurderinga basert på skulane sitt resultat og elevane si måloppnåing. Revisjonen vurderer at kartleggingane og prøvene som skulane nyttar, samt enkelte skular sin bruk av ståtdsanalyse og skulevandring, gir skulane eit godt grunnlag for å velje tema. Samstundes legg rutinen for skulebasert vurdering opp til at skulane vel tema basert på skulane sitt resultat og elevane si måloppnåing.

Det kjem fram av intervju ved rektorane at skulebasert vurdering er eit lite kjent omgrep, og at det har kome lite informasjon frå kommunen om skulebasert vurdering. Revisjonen stiller spørsmålsteikn ved om kommunen har kommunisert tydeleg nok til dei tilsette ved skulane om kva som ligg i omgrepet og skulane sitt ansvar for å gjennomføre skulebaserte vurderingar. Samstundes er det vår vurdering at kommunen, som skuleeigar, no har tatt grep for å sikre informasjon og klarleik rundt roller og ansvar knytt til skulebasert vurdering.

Spesialundervisning og tilpassa opplæring

Revisjonen registrerer at det i stor grad er samsvar mellom tilrådd omfang på spesialundervisning og faktisk tilbod om spesialundervisning. Rektorane fylgjer hovudsakeleg anbefalinga på tal timar frå PPT. Samstundes kjem det fram av intervju at ein skule nyttar spesialundervisningstimar på elevar med vanskar som ikkje har fått sakkunnig vurdering grunna ein lang tildelingsprosess. Dette gjeld elevar med store vanskar som må ha avvik frå opplæringsmåla i læreplanen. Kommunen opplyser at desse elevane får spesialundervisning basert på førebels vedtak om spesialundervisning. Revisjonen vurderer at det er positivt at skulen har fokus på å gi elevane eit best mogleg opplæringstilbod. Samstundes stiller vi

spørsmålsteikn ved denne praktiseringa. Etter vår vurdering vil dette vere å rekne for tilpassa opplæring, og ikkje spesialundervisning.

Vi vurderer vidare at kommunen har eit klart system og klare rutinar for å fange opp elevar som har rett på spesialundervisning, altså elevar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet. Kommunen sjølv vektlegg at dette er viktig for å sikre at elevane får den opplæringa dei har krav på.

Det er etter vår vurdering bekymringsverdig at det er mangel på spesialpedagogisk kompetanse. Vis skulane ikkje har tilstrekkeleg spesialpedagogisk kompetanse er det etter vår vurdering risiko for at elevar med spesialundervisningstilbod ikkje får heilskapleg spesialpedagogisk oppfølging i tråd med vedtaket. Kommunen er klar over utfordringa og har ein strategi for å handtere dette, noko som er positivt.

Vi vurderer at skulane har fokus på og legg til rette for variasjon i opplæringa. Samstundes har skulane etter vår vurdering fokus på å tilpasse opplæringa etter fag, alder, lærestoff og utviklingsnivå. Samstundes er det vår vurdering at det ligg føre eit forbettringspotensial knytt til tilpassa opplæring for elevar som presterer særleg godt. Vi viser her til at ein i lita grad har eit organisert tilbod til denne elevgruppa, og at det i stor grad er opp til faglærar å tilpasse opplæringa. Revisjonen vurderer vidare at digitalisatsinga i skulen gir skulane gode moglegheiter for å styrkje den tilpassa opplæringa for alle elevgrupper.

Norskopplæring for minoritetsspråklege elevar

Revisjonen vurderer at skulen i stor grad er tilrettelagt for minoritetsspråklege elevar. Vi vurderer at kommunen har tydelege og stabile rutinar for opplæringa av minoritetsspråklege elevar, med blant anna rutinar for mottak og kartlegging av nye minoritetsspråklege elevar. Vidare vurderer vi at kommunen har gode rutinar og ein god praksis for å kartleggje og vurdere elevane sine dugleikar i norsk. Skulane kartlegg elevane si utvikling i norsk jamleg.

Respondentane opplever at det blir gitt eit godt norskopplæringstilbod. Rett nok opplever ein respondent at omfanget av særskilt norskopplæring ligg på grensa av kva som er tilstrekkeleg på ein av skulane, men samstundes opplever ein annan respondent at skulen ikkje har store utfordringar knytt til norskopplæringa per dags dato fordi elevane har tileigna seg ein god del norskdugleikar. Revisjonen vurderer difor at omfanget av den særskilte norskopplæringa per dags dato er tilstrekkeleg, men at det er ein risiko for at omfanget ikkje vil vere tilstrekkeleg ved tilkomst av nye elevar med dårlege norskdugleikar.

Vidare vurderer revisjonen at det er ein svakheit ved norskopplæringstilbodet at kommunen manglar tilbod om morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring. Dette er etter vår vurdering ikkje eit brot på regelverket. Samstundes kjem det fram av opplæringslova § 1-8 at om kommunen ikkje kan sørgje for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring av eigna undervisningspersonell, skal kommunen så langt som mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa elevane sine føresetnadar. Det kjem fram av intervju at Sauda kommune ikkje har eigna undervisningspersonell til morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Vidare kjem det fram av intervju at nokon kontaktlærarar opplever at ein manglar tid til å forberede minoritetslevane på undervisninga i klasserommet, noko som kan gje dei minoritetsspråklege elevane betre utbytte av undervisninga.

Tilrådingar

1. Kommunen bør fylgje opp og sikre at det nye systemet for skulebasert vurdering som er under utvikling blir sett i system og fylgt på skulane
2. Kommunen bør kommunisere tydelegare til dei tilsette kva som ligg i omgrepet skulebasert vurdering og kva ansvar skulane har for å gjennomføre skulebaserte vurderingar
3. Kommunen bør gjennomgå tildelingsprosessen for spesialundervisning for å identifisere moglegheita til å kunne forkorte prosessen
4. Ekstra pedagogisk tilbod til elevar som ventar på vedtak om spesialundervisning, bør definerast som tilpassa opplæring
5. Kommunen bør vidareføre fokuset for å sikre påfyll av spesialpedagogisk kompetanse i skulane
6. Skulane bør fokusere meir på å styrkje den tilpassa opplæringa til høgt presterande elevar

Innhold

1. Innleiing	1
1.1 Bakgrunn og føremål	1
1.2 Problemstillingar	1
1.3 Revisjonskriterier	1
1.4 Metode	2
2. Kvalitative resultat i skulen: Fakta	4
2.1 Organisering av skulane i Sauda kommune	4
2.2 Skoleporten	4
2.3 Nasjonale prøver	4
2.4 Elevundersøkinga	14
3. Skulebasert vurdering	19
3.1 Revisjonskriterier	19
3.2 Fakta	19
3.3 Vurderingar	23
4. Spesialundervisning og tilpassa opplæring	24
4.1 Revisjonskriterier	24
4.2 Fakta	24
4.3 Vurderingar	30
5. Norskopplæring for minoritetsspråklige elevar	32
5.1 Revisjonskriterier	32
5.2 Fakta	32
5.3 Vurderingar	35
6. Tilrådingar	37
7. Uttale frå rådmannen	38
Vedlegg 1 Dokumentliste	39
Vedlegg 2 Revisjonskriterier	41

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn og føremål

Kontrollutvalet i Sauda kommune har i møte 12.11.2018 sak 23/18 bestilt forvaltningsrevisjonsprosjektet "Kvalitet på opplæringa i skulen" av KPMG. Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøkje kvaliteten på opplæringa i grunnskulen i Sauda kommune, med eit særleg fokus på resultatutviklinga i skulen og årsaker til eventuell varierende kvalitet på utviklinga.

Forvaltningsrevisjonen vil vere forbetningsorientert, og gi anbefalingar om tiltak dersom forvaltningsrevisjonen avdekkjer avvik eller forbetningspotensial.

1.2 Problemstillingar

Forvaltningsrevisjonen skal gje svare på fylgjande hovudproblemstillingar:

1. Kva kvalitative resultat har skulen oppnådd?
 - a. Kva resultat har elevane på nasjonale prøver?
 - b. Kva resultat får skulane på elevundersøkingar?
2. I kva grad tek skulane i vare krav til skulebasert vurdering i forskrift til opplæringslova § 2-1?
3. Får alle elevar som har behov for spesialundervisning tilbod om spesialundervisning?
 - a. I kva grad er det samsvar mellom tilrådd omfang på spesialundervisning og faktisk tilbod om spesialundervisning?
4. I kva grad er skulen tilrettelagt for minoritetsspråkelege elevar?
 - a. Får elevar med minoritetsbakgrunn tilstrekkeleg norsk opplæring?

Forvaltningsrevisjonen vil gje informasjon om ståa i høve til realiseringa av resultatmåla i skulane, og identifisere eventuelle forbetningsområde og tiltak i arbeidet med å oppfylle resultatmåla.

1.3 Revisjonskriterier

Revisjonskriterier er dei krav og normer som tilstand og/eller praksis i kommunen vert målt mot. Revisjonskriterier må vere aktuelle, relevante og gyldige for kommunen. Kjelder for å utleie revisjonskriterier har vore:

- ✓ Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven)
- ✓ Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)
- ✓ Ot.prp. nr. 70 (2002-2003) Om lov om endring i lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner m.m. (kommunal revisjon)
- ✓ Forskrift til opplæringslova § 2-1
- ✓ St.meld. nr. 16 2006-2007 og ingen sto igjen tidlig innsats for livslang læring

- ✓ Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet om skolebasert vurdering¹
- ✓ Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet om Spesialundervisning²
- ✓ Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet Tilpasset opplæring for alle elever³
- ✓ Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet Regelverket for minoritetsspråklige 6-16 år⁴
- ✓ Rettleiar frå Utdanningsdirektoratet Tilpasset opplæring og minoritetsspråklige elever⁵

1.4 Metode

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med krava i RSK001 Standard for forvaltningsrevisjon.

For å svare på problemstillingane er fylgjande teknikkar nytta for å samle inn data:

- ✓ Dokumentinnsamling og analyse
- ✓ Intervju
- ✓ Statistikk frå Skoleporten og KOSTRA

Til grunn for rapporten ligg ein gjennomgang og analyse av sentrale dokument opp mot revisjonskriteria. Liste over relevant, motteke dokumentasjon er inntatt i vedlegg 1.

Det er gjennomført intervju med 9 personar:

- ✓ Kommunalsjef oppvekst, kultur og intro
- ✓ Rektor Austarheim skule
- ✓ Rektor Fløgstad skule
- ✓ Rektor Risvoll skule
- ✓ Rektor Sauda ungdomsskule
- ✓ Lærer spesialundervisning Austarheim skule
- ✓ Lærer spesialundervisning Sauda ungdomsskule
- ✓ Lærer norskopplæring for minoritetsspråklege elevar Fløgstad skule
- ✓ Lærer norskopplæring for minoritetsspråklege elevar Sauda ungdomsskule

Intervju har vore ei sentral informasjonskjelde. Utvalet av personar er basert på forventa informasjonsverdi, personane si erfaring og formelt ansvar i høve forvaltningsrevisjonen sitt føremål og problemstillingar. Føremålet med intervjuet har vore å få utfyllande og supplerande informasjon til dokumentasjonen vi har motteke frå kommunen. Data frå intervjuet er verifisert av respondentane, dvs. at respondentane har fått moglegheit til å lese igjennom referata og gjere eventuelle korrigeringar.

Vi har vidare nytta statistikk frå skoleporten og KOSTRA. Skoleporten er Utdanningsdirektoratet si nett-teneste med data om grunnopplæringa i skulen. Frå skoleporten har vi henta data om resultat frå nasjonale prøver og elevundersøkingar i Sauda kommune. Til kvar nasjonal prøve og elevundersøking

¹ [Skolebasert/virksomhetsbasert vurdering](#), Rettleiar, Utdanningsdirektoratet, 06.04.2016.

² <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/sarskilte-behov/spesialundervisning/Spesialundervisning/>, Rettleiar Utdanningsdirektoratet, 06.03.2017.

³ <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/tilpasset-opplaring/hva-er-tilpasset-opplaring/>, Rettleiar utdanningsdirektoratet, 01.08.2018.

⁴ <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/minoritetsspraklige/regleverk-som-gjelder-spesielt-for-minoritetsspraklige/skole/6-16-ar/>, Rettleiar Utdanningsdirektoratet, 20.05.2016.

⁵ <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/tilpasset-opplaring/minoritetsspraklige/>, rettleiar Utdanningsdirektoratet 08.09.2015.

på skoleporten er det ein "hjelp til tolkning" del som gir informasjon om tala, skalaen, tolking av resultat og publiseringsreglar. Denne informasjonen er nytta i rapporten, og tatt med i dokumentlista i vedlegg 1. Vidare har vi nytta KOSTRA-tal for Sauda kommune, Rogaland og samanliknbare kommunar i Kostragruppe 03 om spesialundervisning og norskopplæring for minoritetspråklege elevar. KOSTRA gir statistikk for økonomi og tenester i norske kommunar og fylkeskommunar.

Datainnsamlinga blei avslutta 15.03.2019.

Rapport er sendt rådmannen til uttale den 01.04.19 med høringsfrist 12.04.19.

2. Kvalitative resultat i skulen: Fakta

I dette kapitlet svarar vi på problemstilling 1. "Kva kvalitative resultat har skulen oppnådd?". Her vil vi presentere elevane sine resultat på nasjonale prøver og skulane sine resultat på elevundersøkingar.

Dette er ei skildrande problemstilling, som såleis ikkje er heldt opp mot revisjonskriterium.

2.1 Organisering av skulane i Sauda kommune

Sauda kommune har fire grunnskular; tre barneskular og ein ungdomsskule:

- ✓ Austarheim skule
- ✓ Fløgstad skule
- ✓ Risvoll skule
- ✓ Sauda ungdomsskule

Ungdomsskulen rekrutterer elevar frå dei tre barneskulane i kommunen i tillegg til elevar frå Vanvik i Suldal kommune. Kommunalsjef for oppvekst, kultur og intro er ansvarleg for grunnskulane i kommunen. Kommunalsjefen er organisert direkte under rådmannen.

2.2 Skoleporten

Skoleporten er Utdanningsdirektoratet si nett-teneste med data om grunnopplæringa i skulen. Skoleporten presenterer data på områda læringsresultat, læringsmiljø, ressursar og gjennomføring. Skoleporten presenterer blant anna resultat frå nasjonale prøver og elevundersøkinga.

Utdanningsdirektoratet er underlagt personopplysningsloven og Datatilsynet sin kontroll av forsvarleg handsaming av personopplysningar. Dette medfører at data frå nasjonale prøver og elevundersøkinga der det er fare for identifisering av enkeltelevar ikkje blir offentleggjort.

Data frå nasjonale prøver og elevundersøkinga i dette kapitlet er henta ifrå skoleporten.

2.3 Nasjonale prøver

2.3.1 Nasjonale prøver

Nasjonale prøver er obligatoriske prøver som blir utforma av fagmiljø ved høgskular, universitet og nasjonale senter i samarbeid med lærarar og fagpersonar i Utdanningsdirektoratet. Prøvene blir gjennomført på hausten i 5., 8. og 9. trinn. 5. og 8. trinn gjennomfører prøver i lesing, rekning og engelsk medan 9. trinn gjennomfører prøver i lesing og rekning.

Føremålet med dei nasjonale prøvene er å gje skulane kunnskap om elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk. Resultata dannar grunnlag for undervegsvurdering og kvalitetsutvikling i skulen. Resultat frå nasjonale prøver i rekning og engelsk kan frå 2015 nyttast som grunnlag for å måle utvikling over tid. Leseprøvene kan samanliknast over tid frå 2017.

Utdanningsdirektoratet vektlegg at dette inneberer at ein på sikt kan sjå om resultatane i skulen blir betre. Men samstundes vektleggjast det at det vil ta nokon år før ein kan sjå eventuelle trendar.

Det blir opplyst i intervju at kommunen og skulane ynskjer at flest mogleg av elevane deltek på dei nasjonale prøvene. Alle elevar som vil deltek på prøvene. Det blir også opplyst om at dei fleste av elevane på skulane i Sauda gjennomfører dei nasjonale prøvene. Samstundes blir det opplyst at det er opp til dei føresette å avgjere om borna skal delta på nasjonal prøve.


2.3.2 Nasjonale prøver 5. trinn

Dei nasjonale prøvene for 5. trinn er delt i tre meistringsnivå: 1-3. Meistringsnivå 1 viser ei låg grad av og meistringsnivå 3 ei høg grad av meistring. Elevane får skalapoeng på prøva, som legg grunnlaget for meistringsnivået til kvar enkelt elev. Fylgjande skala nyttast:

	Meistringsnivå 1	Meistringsnivå 2	Meistringsnivå 3
Rekning	42 skalapoeng og mindre	43-56 skalapoeng	Frå 57 skalapoeng
Engelsk	42 skalapoeng og mindre	43-56 skalapoeng	Frå 57 skalapoeng
Lesing	42 skalapoeng og mindre	43-57 skalapoeng	Frå 58 skalapoeng

Tabell 1. Skala for meistringsnivå nasjonale prøver 5 trinn. Kjelde: Skoleporten.

For **engelsk** er resultatane slik:⁶




⁶ Resultatane frå Fløgstad og Risvoll skule er ikkje oppgjeve på Skuleporten grunna at skulane har få elevar, noko som gir moglegheit til å identifisere enkeltelevar. Revisjonen har difor vald å vise fram dei samla resultatane til dei tre barneskulane i kommunen frå dei nasjonale prøvene for 5. trinn.

Tabell 2. Resultat frå nasjonale prøver engelsk 2014-2018 5. trinn. Henta ifrå Skoleporten.

Tabellen over viser resultatata til elevane på 5. trinn i Sauda kommune på nasjonale prøver i engelsk frå 2014 til 2018. Tabellen indikerer at kommunen har hatt ei positiv resultatutvikling sidan 2015. Andelen elevar på lågaste meistringsnivå har minka og andelen på høgaste meistringsnivå har auka i tidsrommet 2015-2018. Samstundes har andelen på meistringsnivå 2 heldt seg stabilt i same tidsrom. Hovudtyngda av elevmassen ligg på meistringsnivå 2 i alle prøvene.


Lesing



Tabell 3 Resultat frå nasjonale prøver lesing 2014-2018 5. trinn. Henta ifrå Skoleporten.

Tabellen over viser resultatata til elevane på 5. trinn i Sauda kommune på nasjonale prøver i lesing frå 2014 til 2018. Tabellen viser at hovudtyngda av elevmassen ligg på meistringsnivå 2 både i 2017 og 2018. Resultatutviklinga frå 2017 til 2018 indikerer ei forbetring i leseferdigheitene. Det har blitt færre elevar på meistringsnivå 1 samstundes som det har blitt ei lita auke på tal elevar på meistringsnivå 3. Samstundes vektlegg Utdanningsdirektoratet som nemnt i del 2.3.1 at det vil ta nokon år med samanliknbare resultat før ein kan sjå eventuelle trendar. Det er dermed per dags dato vanskeleg å vurdere resultatutviklinga i elevane sine leseferdigheiter sidan ein berre har to prøver som kan samanliknast.


Rekning



Tabell 4 Resultat frå nasjonale prøver rekning 2014-2018 5. trinn. Henta ifrå Skoleporten.

Tabellen over viser resultatene til elevene på 5. trinn i Sauda kommune på nasjonale prøver i rekning frå 2014 til 2018. Resultatutviklinga viser store variasjonar frå år til år, spesielt i 2017, kor nesten halvparten av elevene fekk meistringsnivå 1 i rekning. I 2018 fekk skulane betre resultat, med ein sterk nedgang på tal elevar på meistringsnivå 1 og ei auke i talet på elevar på både meistringsnivå 2 og 3 samanlikna med resultatene frå 2017. Samstundes var det i 2018 færre elevar innanfor meistringsnivå 1 enn det var i 2015. Det var vidare litt færre elevar innanfor meistringsnivå 3 i 2018 enn det var i 2015. Resultatene frå 2018 viser at hovudtyngda av elevene ligg på meistringsnivå 2.

Metodiske vurderingar knytt til tala frå Sauda



Tabell 5. Gjennomsnitt og usikkerheit i statistikken for nasjonale prøver 5. trinn. Henta ifrå Skoleporten.

Tabellen over viser gjennomsnitta og usikkerheita for kvar nasjonal prøve i engelsk, lesing og rekning for 5. trinn i Sauda kommune. Det er usikkerheit knytt til resultatata i Sauda kommune frå dei nasjonale prøvene. Utdanningsdirektoratet vektlegg at resultat for små skular og kommunar vil vere sårbare for enkeltprestasjonar. Her kan elevar som presterer svært godt eller dårleg påverke resultatet i stor grad. Sauda, med etter SSB sine tal 4631 innbyggjarar, er ei slik kommune. Det kjem også fram av intervju at skulane i kommunen har relativt få elevar. Samstundes viser størrelsen på kvar enkelt søyle i tabellen over spreinga og variasjonen i elevane sine resultat. Den store spreinga indikerer at enkeltprestasjonar kan påverke resultatata frå nasjonale prøver 5. trinn i Sauda kommune i stor grad.

Punktet i søylene i tabell 5 overfor viser gjennomsnittet for elevane medan streken rundt viser usikkerheita knytt til resultatet. Desto større denne streken er desto større er usikkerheita knytt til resultatet. Tabellen med store strekar viser at usikkerheita knytt til resultatata i dei nasjonale prøvene i 5. klasse er stor.

Gjennomsnitta for dei ulike prøvene over tid overlappar kvarandre. Dette betyr at ein ikkje kan vere sikre på at gjennomsnitta er forskjellige. Dermed kan ein ikkje konkludere med at resultatata har blitt betre eller dårlegare over tid. Det kjem også fram av intervju at det er vanskeleg å sjå trendar over tid fordi det er relativt få elevar på skulane, der enkeltelevar kan påverke resultatata i stor grad. Dette gjer at resultatata kan variere frå år til år. Dette viser seg særleg igjen i resultatata i rekning, der det er store svingingar frå år til år.

Med andre ord er det vår vurdering at tala for Sauda er augeblikksbilete for kvart år og at prøvene ikkje utan vidare kan samanliknast over tid.

2.3.3 Nasjonale prøver 8. og 9. trinn

Dei nasjonale prøvene for 8. og 9. trinn er delt i fem meistringsnivå: 1-5. Meistringsnivå 1 viser ei låg grad medan meistringsnivå 5 ei høg grad av meistring. Elevane får skalapoeng på prøva, som legg grunnlaget for meistringsnivået til kvar enkelt elev. Følgjande skala nyttast:


	Meistringsnivå 1	Meistringsnivå 2	Meistringsnivå 3	Meistringsnivå 4	Meistringsnivå 5
Rekning	36 skalapoeng og mindre	37-44 skalapoeng	43-54 skalapoeng	55-62 skalapoeng	Frå 63 skalapoeng
Engelsk	36 skalapoeng og mindre	37-43 skalapoeng	44-55 skalapoeng	56-62 skalapoeng	Frå 63 skalapoeng
Lesing	37 skalapoeng og mindre	38-43 skalapoeng	44-54 skalapoeng	55-62 skalapoeng	Frå 63 skalapoeng

Tabell 6. Skala for meistringsnivå nasjonale prøver 8. og 9. trinn. Kjelde: Skoleporten.

I 8. klasse blir det gjennomført nasjonale prøver i engelsk, lesing og rekning. I 9. klasse blir det gjennomført nasjonale prøver i lesing og rekning. Vidare vil resultatene frå nasjonale prøver ved Sauda ungdomsskule på høvesvis 8. og 9. trinn presenterast i del 2.3.4 og 2.3.5.

2.3.4 Nasjonale prøver 8. trinn


Engelsk



Tabell 7. Resultat frå nasjonale prøver engelsk 2014-2018 8. trinn. Henta ifrå Skoleporten.

Tabellen over viser resultatene til elevane på 8. trinn i engelsk frå 2014 til 2018. For prøva frå 2017 er ikkje tal for meistringsnivå 4 og 5 inkludert grunna fare for identifisering av elevar. Resultatene indikerer at det er færre elevar på meistringsnivå 1 og fleire elevar på meistringsnivå 2 i 2018 enn det var i 2015. Samstundes held andelen elevar på meistringsnivå 3-5 seg relativt stabilt i dette tidsrommet. Hovudtyngda av elevane ligg på meistringsnivå 2 og 3 i 2018.


Lesing



Tabell 8. Resultat frå nasjonale prøver lesing 2014-2018 8. trinn. Henta ifrå Skoleporten.

Tabellen over viser resultatene til elevene på 8. trinn i lesing frå 2014 til 2018. Resultatene frå 2018 indikerer at hovudtyngda av elevmassen ligg på meistringsnivå 3. For prøva frå 2017 er ikkje tal for meistringsnivå 1 og 5 inkludert grunna fare for identifisering av elevar. Sidan leseferdighetene kan samanliknast over tid frå 2017 og statistikkene frå 2017 er manglande er det vanskeleg å vurdere resultatutviklinga i elevene sine leseferdigheter.


Rekning



Tabell 9. Resultat frå nasjonale prøver rekning 2014-2018 8. trinn. Henta ifrå Skoleporten.

Tabellen over viser resultatene til elevene på 8. trinn i rekning frå 2014 til 2018. For prøva frå 2017 er ikkje tal for meistringsnivå 1 og 5 inkludert grunna fare for identifisering av elevar. Resultata indikerer at det er færre elevar på meistringsnivå 5 i 2018 enn det var i 2015. Samstundes er det i 2018 færre elevar på meistringsnivå 1 og fleire elevar på meistringsnivå 2 enn det var i 2015. Hovudtyngda av elevmassen ligg på meistringsnivå 2 og 3 i 2018.

Metodiske vurderingar knytt til tala frå Sauda



Tabell 10. Gjennomsnitt og usikkerheit i statistikken for nasjonale prøver 8. trinn. Henta ifrå Skoleporten.

Tabellen over viser gjennomsnitta og usikkerheita for kvar nasjonal prøve i engelsk, lesing og rekning. Det er usikkerheit knytt til resultatene frå dei nasjonale prøvene for 8. trinn i Sauda kommune.

Rettleiaren til Utdanningsdirektoratet vektlegg at små skular og kommunar sine resultat på prøvene vil vere sårbare for enkeltprestasjonar. Elevar som presterer svært godt eller dårleg kan i slike tilfelle påverke resultatet i stor grad. Sauda er ei relativt liten kommune. Det kjem også fram av intervju at skulane i kommunen har relativt få elevar. Samstundes viser størrelsen på kvar enkelt søyle i tabellen under variasjonen i elevene sine resultat. Den store spreinga indikerer at enkeltprestasjonar kan påverke resultatene frå nasjonale prøver 8. trinn i Sauda kommune i stor grad.


Punktet i søylene i tabell 10 viser gjennomsnittet for elevene medan streken rundt viser usikkerheita knytt til resultatet. Desto større denne streken er desto større er usikkerheita knytt til resultatet. Tabellen med store strekar viser at usikkerheita knytt til resultatene i dei nasjonale prøvene i 8. klasse er stor.

Gjennomsnittene for dei ulike prøvene i dei ulike åra overlappar kvarandre. Dette betyr at ein ikkje kan vere sikra på at gjennomsnittene er forskjellige, og dermed kan ein ikkje konkludere med at resultatene har blitt betre eller dårlegare over tid. Det kjem også fram av intervju at det er vanskeleg å sjå trendar over tid fordi det er relativt få elevar på skulane i kommunen. Dette gjer at enkeltelevar kan påverke resultatene i stor grad.

Med andre ord er det vår vurdering at tala for Sauda er augeblikksbilete for kvart år og at prøvene ikkje utan vidare kan samanliknast over tid.

2.3.5 Nasjonale prøver 9. trinn


Lesing



Tabell 11. Resultat frå nasjonale prøver lesing 2014-2018 9. trinn. Henta ifrå Skoleporten.

Tabellen over viser resultatene til elevene på 9. trinn i lesing frå 2014 til 2018. Resultatene frå 2018 indikerer at hovudtyngda av elevene ligg på meistringsnivå 3 og 4. For prøva frå 2017 er ikkje tal for meistringsnivå 1 og 2 inkludert grunna fare for identifisering av elevar. Sidan leseferdighetene kan samanliknast over tid frå 2017 og statistikken frå 2017 er manglande er det vanskeleg å vurdere resultatutviklinga i elevene sine leseferdigheter.


Rekning



Tabell 12. Resultat frå nasjonale prøver rekning 2014-2018 9. trinn. Henta ifrå Skoleporten.

Tabellen over viser resultatene til elevene på 9. trinn i rekning frå 2014 til 2018. For prøva frå 2017 er ikkje tal for meistringsnivå 1 og 2 inkludert grunna fare for identifisering av elevar. Resultata indikerer at ståa i rekning i 9. trinn er omtrent den same i 2018 som i 2015. Hovudtyngda av elevmassen ligg på meistringsnivå 3 og 4. Samstundes har andelen elevar på meistringsnivå 1 auka litt og andelen elevar på meistringsnivå 5 minka litt frå 2015 til 2018.

Metodiske vurderingar knytt til tala frå Sauda



Tabell 13. Gjennomsnitt og usikkerheit i statistikken for nasjonale prøver 9. trinn. Henta ifrå Skoleporten.

Tabellen over viser gjennomsnitta og usikkerheita for kvar nasjonal prøve i lesing og rekning for 9. trinn. Det er usikkerheit knytt til resultatene frå dei nasjonale prøvene. Utdanningsdirektoratet vektlegg at små skular og kommunar sine resultat på prøvene vil vere sårbare for enkeltprestasjonar. Elevar som presterer svært godt eller dårleg kan i slike tilfelle påverke resultatet i stor grad. Sauda er ei relativt liten kommune. Det kjem også fram av intervju at skulane i kommunen har relativt få elevar. Samstundes viser størrelsen på kvar enkelt søyle i tabellen variasjonen i elevene sine resultat. Den store spreinga indikerer at enkeltprestasjonar kan påverke resultatene for 9. trinn i Sauda kommune i stor grad.

Punktet i søylene i tabellen overfor viser gjennomsnittet for elevene medan streken rundt viser usikkerheita knytt til resultatet. Desto større denne streken er desto større er usikkerheita knytt til resultatet. Tabellen med store strekar viser at usikkerheita knytt til resultatene i dei nasjonale prøvene i 9. trinn er stor.

Gjennomsnitta for dei ulike prøvene for dei ulike åra i statistikken overlappar kvarandre. Dette betyr at ein ikkje kan vere sikra på at gjennomsnitta er forskjellige, og dermed kan ein ikkje konkludere med at resultatene har blitt betre eller dårlegare over tid. Det kjem også fram av intervju at det er vanskeleg å sjå trendar over tid fordi det er relativt få elevar på skulane i kommunen. Dette gjer at enkeltelevar kan påverke resultatene i stor grad.

Med andre ord er det vår vurdering at tala for Sauda er augeblikksbilete for kvart år og at prøvene ikkje utan vidare kan samanliknast over tid.

2.3.6 Resultatutvikling

Det kjem fram av statistikken at barneskulane har hatt ei sterkare resultatutvikling enn ungdomsskulen på nasjonale prøver dei siste åra, og særleg på høgaste meistringsnivå. Andelen elevar på høgaste meistringsnivå i 5. trinn har auka med unntak av i rekning der andelen har minka litt. Samstundes har andelen elevar på det høgaste meistringsnivået i 8. og 9. trinn i engelsk og rekning minka litt over tid. Som nemnt tidlegare er det vanskeleg å sjå utviklingstrekk i lesing grunna at prøvene kan samanliknast over tid frå og med 2017. Det kjem fram av tilstandsrapporten 2016 at kommunen har innført ein ny timefordelingsmodell som gir dei yngste elevane fleire timar. Vidare kjem det fram av tilstandsrapporten for 2017 at kommunen vil prioritere ressursar til dei yngste elevane. Dette kan kanskje forklare forskjellane i resultatutviklinga mellom barneskulane og ungdomsskulen. På sikt kan kanskje dette grepet påverke resultatata på nasjonale prøver i ungdomsskulen når elevane som har fått ekstra ressursar på barneskulen kjem i ungdomsskulealder. Slik kan kanskje forskjellen i resultatutviklinga utjamnast over tid.

Samstundes har det vore ei positiv utvikling på det lågaste meistringsnivået både på barneskulane og ungdomsskulen. Andelen elevar på det lågaste meistringsnivået har minka på dei fleste nasjonale prøvene. Det kjem fram av intervju at skulane har fokusert mykje på å løfte elevane på dei lågare nivåa. Dette kan moglegvis forklare reduseringa av andelen elevar på det lågaste meistringsnivået.

Avslutningsvis påpeiker vi som nemnt tidlegare at tala for Sauda er augeblikksbilete for kvart år og at prøvene ikkje utan vidare kan samanliknast over tid.

2.4 Elevundersøkinga

2.4.1 Elevundersøkinga

Elevundersøkinga er ei årleg undersøking som blir svart på av elevar og som kartlegg læring og trivsel i skulen. Skulane kan invitere elevar frå 5. trinn til og med Vg3 til å svare på undersøkinga. Det er obligatorisk for skulane å gjennomføre undersøkinga for 7. og 10. trinn. Skulane vel sjølv om dei vil gjennomføre undersøkinga på fleire trinn. Det er frivillig for elevane å delta på undersøkinga.


Elevundersøkinga består av og viser skulen sine resultat på 10 tema, som læringskultur og elevdemokrati. I tillegg har elevundersøkinga for 10. trinn tal for Utdannings- og yrkesrettleiing. Dei fleste tema er indeksar, som er sett saman av to eller fleire spørsmål frå elevundersøkinga. Nokre få tema er ein indikator, som er eit tema bestående av eit spørsmål. Tabellen består av ein skala frå 1-5 der høg verdi betyr eit positivt resultat.

Elevundersøkinga består i tillegg av informasjon om tal på elevar som opplever mobbing på skulen. Denne informasjonen er ikkje tilgjengeleg for skulane i Sauda kommune grunna fare for identifisering av elevane.

Elevundersøkinga viser elevane si subjektive oppfatning av eigen læringssituasjon. Elevundersøkinga kan samanliknast og nyttast for måle utvikling over tid frå og med undersøkinga gjennomført hausten 2013. Utdanningsdirektoratet vektlegg at størrelsen på utvalet som har delteke i undersøkinga er viktig når ein samanliknar resultat over tid. Med eit lite utval som i Sauda kommune bør forskjellane over tid vere store for at ein skal kunne feste lit til at det har skjedd ei reell endring.

Elevundersøkinga i Sauda kommune blir gjennomført på 7. og 10. trinn.

2.4.2 Elevundersøkinga 7. trinn




Tabell 14. Resultat frå elevundersøkinga 7. trinn Sauda kommune 2014-2018. Henta ifrå Skoleporten.

Tabellen over viser dei samla resultata til barneskulane på 7. trinn på elevundersøkinga i tidsrommet 2014-2018. Undersøkinga viser at barneskulane jamt over har gode resultat. Skulane skårar godt på støtte frå lærarane, trivsel og støtte heimafrå. Samstundes har skulane eit forbettringspotensial knytt til motivasjon. Undersøkinga viser at skulane på dei fleste tema har hatt ei positiv resultatutvikling. Skulane skåra dårleg på elevdemokrati og medverknad i 2017, men har her hatt ei positiv utvikling i undersøkinga frå 2018.

2.4.2 Elevundersøkinga 10. trinn

Tabellen under viser resultata til elevane i 10. trinn på Sauda ungdomsskule på elevundersøkinga i tidsrommet 2014-2018. Skulen skårar godt på støtte frå lærarane, støtte heimafrå, felles reglar og trivsel. Samstundes har skulen eit forbettringspotensial knytt til motivasjon, vurdering for læring og elevdemokrati og medverknad. Dette er tema skulen skårar lågt på i alle undersøkingane i tidsrommet 2014-2018. Samstundes har det vore ei forbetring i resultat på desse tema mellom 2014 og 2018. Vidare har skulen hatt ei positiv resultatutvikling på dei fleste tema i perioden 2014-2018. Særleg har skulen hatt ei positiv utvikling på temaet felles reglar.



Tabell 15. Resultat frå elevundersøkinga 10. trinn Sauda ungdomsskule 2014-2018. Henta ifrå Skoleporten.

2.4.3 Resultatutvikling

Både barneskulane og ungdomsskulen har hatt ei positiv utvikling i resultatane frå elevundersøkinga, med forbetra resultat på dei fleste tema i tidsrommet 2014 til 2018. Som nemnt i del 2.4.1 vektlegg Utdanningsdirektoratet at med eit lite utval som i Sauda kommune bør forskjellane over tid vere store for at ein skal kunne feste lit til at det har skjedd ei reell endring. På dei fleste tema har det vore ein liten framgang i tidsrommet 2014 til 2018, noko som gjer det vanskeleg å slå fast at det har vore ei reell endring. Utdanningsdirektoratet påpeiker at endringane kan vere reelle, men at det er viktig at endringane sannsynleggjerast gjennom anna relevant lokalkunnskap om elevane sitt læringsmiljø som støttar opp om denne tolkinga. Det har vore utafor denne revisjonen sitt mandat å vurdere dette.

Samstundes har det på nokon tema vore ei betydeleg auke over tid. Elevdemokrati og medverknad har på 5. trinn hatt ei sterk auke frå 2017 til 2018. På 10. trinn har felles reglar hatt ei betydeleg auke frå 2014 til 2018. I og med at det har vore ei relativ stor auke kan ein med større sannsyn sette lit til at det har skjedd ei reell endring på desse områda.

Barneskulane og ungdomsskulen skårar stort sett ganske likt i elevundersøkinga. Motivasjon er til dømes eit tema der både barneskulane og ungdomsskulen skårar dårleg. Det kjem fram av intervju at skulane skal undersøkje nærmare i ei skulebasert vurdering kvifor elevane ikkje er motiverte. For meir informasjon om dette, sjå kapittel 3. Ein av respondentane antyder at dette kan ha samband med at skulen ikkje er flinke nok til å tilpasse opplæringa. Om oppgåvene ikkje er utfordrande nok eller for vanskelege kan dette svekke motivasjonen.

Ungdomsskulen skårar dårlegare på vurdering for læring og elevdemokrati og medverknad enn det barneskulane gjer. Gjennom revisjonen har vi ikkje funne nokon potensielle årsaker til desse variasjonane.

3. Skulebasert vurdering

I dette kapittelet svarar vi på problemstilling 2. "I kva grad tek skulane i vare krav til skulebasert vurdering i forskrift til opplæringslova § 2-1?".

3.1 Revisjonskriterier

Revisjonskriteria er utleia frå:

- ✓ Forskrift til opplæringslova § 2-1 Skulebasert vurdering
- ✓ Rettleiaren til Utdanningsdirektoratet *skulebasert/virksomhetsbasert vurdering*.

For ei utdjujing av revisjonskriteria viser vi til vedlegg 2.

3.2 Fakta

3.2.1 Skulebasert vurdering

Skulebasert vurdering definerast i *forskrift til opplæringslova § 2-1*:

"Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene."

3.2.2 Rutine for arbeid med skuleresultat

Sauda kommune har ei rutine for arbeid med skuleresultat. Føremålet med rutinen er å sike jamleg vurdering av kvaliteten på opplæringa i skulen. Målgruppa for rutinen er elevar, føresette, lærarar, skuleleiararar, leiargruppa i kommunen og politikarar. Rutinen gjeld for prøvene og undersøkingane skulane skal gjennomføre, det vil seie kartleggingsprøver, nasjonale prøver, eksamen 10 trinn, føresetteundersøkinga, elevundersøkinga og mobbeundersøkinga. Det skal lagast tiltaksplanar i etterkant av desse prøvene og undersøkingane. Resultata frå undersøkingane og forslag til tiltaksplan skal leggjast fram for målgruppa slik at dei får rom til å drøfte resultata.

Ved prøver og eksamen skal lærarar ha ein oppfølgingssamtale med kvar enkelt elev. Fokuset i denne samtalen er å fylgje opp eleven, å løfte elevar på det lågaste meistringsnivået og å utarbeide tiltaksplanar. Det skal også gjennomførast ein oppfølgingssamtale på systemnivå omkring organiseringa av undervisninga. Ved brukarundersøkingar blir det gjennomført oppfølgingssamtalar mellom lærarar i kvar enkelt klasse og på systemnivå, der analyse av den noverande situasjonen, forbettringsområde og utarbeiding av tiltaksplanar står i fokus. Oppfølgingssamtalane skal gjennomførast innan 2 veker etter prøvene eller undersøkingane. Kommunestyret har "Skulens dag" som temadag ein dag i året, der resultata blir presentert til politikarane.

Sauda kommune har malar for tiltaksplanar for elevar og tiltaksplan for resultat frå brukarundersøkingar i grunnskulen. Tiltaksplanen for elevar består av resultat frå kartlegginga, eksempelvis nasjonale prøver, skildring av vanskane eleven har, utprøvde tiltak og evaluering av tiltaka. Tiltaksplanen for resultat av brukarundersøkingar består av sentrale funn i resultata, vurdering av funna, mål og tiltak.

3.2.3 Skulane

Det kjem fram av intervju at inntil nyleg har det i stor grad vore opptil skulane sjølv å velje tema og velje korleis ein vil jobbe med den skulebaserte vurderinga.

Skulane gjennomfører som eit ledd i den skulebaserte vurderinga kartleggingsprøver, nasjonale prøver, elevundersøkinga og mobbeundersøkinga kvart år samt føresetteundersøkinga anna kvart år i tråd med prosedyren arbeid med skuleresultat. Ungdomsskulen gjennomfører i tillegg eksamen for 10 trinn.

Austarheim skule har i tillegg gjennomført skulevandring, som er ei systematisk oppfølging og utvikling av skulen som organisasjon. Skulen har gjennomført ei pedagogisk analyse på nasjonale prøver som ei skulebasert vurdering, men her har ikkje skulen fylgt formalkrava til skulebasert vurdering. I ei pedagogisk analyse peiker ein på utfordringar og tiltak for møte desse utfordringane. Føremålet er å etablere ein praksis som forbetrar kvaliteten i skulen. Rektor har vidare vore med på kurs om korleis nasjonale prøver er bygd opp. Dette blir delt med lærarane på skulen. Alle lærarane har vidare sjølv tatt den nasjonale prøva for så å analysere prøva i etterkant. Skulen har dialog med føresette om resultatata på prøvene. Som tiltak i etterkant av nasjonale prøver tilbyr skulen lesekurs for elevane på meistringsnivå 1. Etter kurset tek elevane prøva på nytt. Skulen har vidare fokus på å nytte nasjonale prøver til kontinuerleg forbetring av elevane sitt læringsutbytte. Skulen har vidare eit årshjul for forbetring samstundes som kvalitetsutvikling står på agendaen i teammøter og fellesmøter blant dei tilsette på skulen. Det blir informert om at skulen i samband med elevundersøkinga har tett dialog med elevane for å kartleggje kva skulen bli betre på. FAU og samarbeidsutvalet (SU) får vite om resultatata frå nasjonale prøver og elevundersøkinga. Skulen har vidare fokus på vurdering for læring, som er eit fast tema på alle teammøte.

Fløgstad skule gjennomførte hausten 2018 ein ståstadsanalyse der lærarane fekk analysere seg sjølv. Ståstadsanalysen munna ut i ein plan med forbetningsområde, der skulen plukka ut dei nye læreplanane og digitalisering som satsingsområde. Skulen nyttar fellesmøta til dei tilsette til å jobbe med desse satsingsområda. Skulen har også ved nokon anledningar nytta pedagogiske analyser. Lærarane på skulen deltok for nokre år sidan på kurs om skulebasert vurdering. I samband med dette kurset blei det sett i gong ein del tiltak på skulen. Skulen har ei eiga rutine og eit årshjul for skulebasert vurdering. Elevane som har skåra under kritisk grense på nasjonale prøvar har fått tilbod om intensivkurs. Skulen har vidare fokus på vurdering for læring som ein del av den daglege drifta av skulen.

Risvoll skule har gjennomført pedagogiske analyser, blant anna for å analysere resultat frå nasjonale prøver. Elevråd, FAU og SU blir involvert i til dømes resultat frå elevundersøkingar, og kan gje innspel på kva skulen bør fokusere på framover. FAU og SU er også med på rette fokus på forbetningsarbeid i skulen. Elevane på nivå 1 i nasjonale prøver får utarbeida tiltaksplanar. Etter ei viss periode tek eleven prøva på nytt for å sjå resultatet av tiltaksplanen og eleven si faglege utvikling. Skulen har vidare fokus på skulebasert vurdering på fellesmøte og teammøter, der ein vurderer og evaluerer moglege forbetringar i skulen. Skulen har også fokus på vurdering for læring som del av den daglege drifta av skulen.

Sauda ungdomsskule gjennomfører dei nemnte metodane frå rutinen arbeid med skuleresultat, som elevundersøkinga og nasjonale prøver. Skulen jobbar mykje med dei nasjonale prøvene og korleis ein skal nytte resultatata frå prøvene i skulen. Skulen evaluerte den nasjonale prøva i 2018, og gjennomførte ulike tiltak overfor elevane på nivå 1 og 2. Elevane på nivå 1 og nokon elevane på nivå 2 i norsk fekk tilbod om lesekurs. Elevane på nivå 1 i rekning fekk tilbod om mattekurs. Elevane på nivå 2 i matte fekk enten tilbod om kurs, oppfølging i mindre grupper eller å jobbe med tilpassa oppgåver utifrå eige nivå. I engelsk fekk 8. klassene 1 til 2 engelsktimar for betre oppfølging og 1 time i halv klasse. Skulen har også jobba med elevundersøkinga, og særleg elevdemokrati, som skulen skåra dårleg på. Her har ein nytta ein planleggingsdag for å sjå på forbetningsområde knytt til elevdemokrati. I fellesmøta jobbar ein mykje med utviklingsarbeid. Tidlegare har skulen arbeida med framovermeldingar, tilpassa opplæring, elevsyn og vurdering for læring. Framover vil skulen ha fokus på lesing i alle fag samt bruk av Ipad. Det er vidare eit fellesmøte mellom rektor og inspektør ein gang i veka der det blir gjennomført skulebaserte vurderingar.

3.2.4 Skuleeigar

Oppfølging av kvalitet i grunnskulen

Sauda kommune følg opp kvaliteten i grunnskulen gjennom undersøkingane og kartleggingane nemnt i del 3.2.2. Desse resultatane skal presenterast til leiargruppa i kommunen og politikarane. Samstundes gjennomfører kommunen som skuleeigar årlege tilstandsrapportar omkring tilstanden i skulane i kommunen. Siktemålet med tilstandsrapportane er kvalitetsutvikling. Tilstandsrapportane inngår som ein del av det ordinære plan- og rapporteringsarbeidet til skuleeigar. Av tilstandsrapportane for 2016 og 2017 går det fram at kommunen evaluerer i verksetje tiltak for å heve kvaliteten på opplæringa, blant anna gjennom deltakinga i Haugalandsløftet, eit interkommunalt prosjekt med føremål å sikre utvikling og kompetanseheving i skulen. Vidare evaluerast dei nasjonale prøvene og organiseringa av undervisninga.

Kommunen utarbeider som ein del av plan- og rapporteringsarbeidet til skuleeigar ei politisk årsmelding. Kommunen har vidare ein kommunedelplan for oppvekst og kultur for tidsrommet 2014-2023. Føremålet med planen er å gi retning til ei langsiktig utvikling av skulen. Planen er eit styringsverktøy for å nå visjonen og måla som er sett for skulen. Kommunen skal årleg lage handlingsplanar som mellom anna skal sikre tiltak og ressursar for måloppnåing. Kommunen evaluerer vidare skulane sine mål og tiltak skriftleg gjennom perioderapportar.

Kommunen har eigne rektormøter i regi av kommunalsjef, der pedagogisk utviklingsarbeid står på agendaen. Her deltek kommunalsjef, rektorar og inspektørar på skulane, PPT og hovudtillitsvald. Det opplyst at skulebasert vurdering har vore tema på eit av rektormøta i år. Kommunalsjef har vidare eit årleg dialogmøte med kvar enkelt rektor kor skulebasert vurdering er eit tema. I dialogmøta drøftast status innan tenesteområdet og prioriteringar i kommande årsbudsjett. Det er også eit årsmøte der rektorane og kommunalsjef deltek. På årsmøtet i juni 2018 presenterte skulane ein årsrapport for skuleåret med tilbakemelding på læringsmiljøet, resultat frå prøver, testar og eksamen og oppfølging av elevar under kritisk grense på nasjonale prøver. På årsmøtet blei også personalsituasjonen for neste skuleår diskutert.

Det gjennomførast vidare eit vurderingsmøte i halvåret på kvar skule med alle tilsette der føremålet er å få kjennskap til korleis skulane arbeider i høve til lovverk og målsetting. Kommunalsjef går her gjennom kommunale målsettingar medan dei tilsette vurderer korleis skulen ligg an i høve desse målsettingane. Vidare vurderer dei tilsette korleis skulen ligg an i høve gjeldande lovkrav.

Kommunen følg også opp skulane gjennom kompetanseutvikling. Sauda kommune er saman med dei andre i kommunane i det nordlege Rogaland med i skulesamarbeidet NordR. NordR har som mål å styrkje kapasiteten i det profesjonelle lagarbeidet på skulane, i skuleleiinga og i skuleleiarskapet for å løfte elevane si læring og utvikling. NordR skal også etablere og vidareutvikle system for kvalitetsarbeid, erfaringsdeling og lærande nettverk i kommunane. NordR fylgjer tett med på nasjonale politiske utdanningsstrategiar og læreplanen, og arbeidar ut ifrå dette grunnlaget med kompetanseutvikling, satsingsområde og strategiar for skulane.

Oppfølging av skulebasert vurdering i grunnskulen

Tidlegare har det i stor grad vore opptil skulane å velje satsingsområde for skulebasert vurdering, og ein ser at praksisen har vore ulik ved dei ulike skulane.

I intervju vert det opplyst at kommunen som skuleeigar ikkje har fylgt den skulebaserte vurderinga godt nok opp. Kommunen har på nyåret 2019 gjennomgått eigen praksis for skulebasert vurdering, og komme fram til at ein ikkje gjer skulebaserte vurderingar systematisk nok. Ein har gjort mange vurderingar, særleg i forhold til nasjonale prøver, eksamen og forbetningsarbeid, men vurderingane har ikkje vorte sett godt nok i system.

Kommunen har tatt tak i dette, og er i ferd med å utarbeide eit system for skulebasert vurdering. Kommunen oppretta i dette arbeidet ei rutine for skulebasert vurdering i januar 2019. Føremålet er å sikre at alle grunnskulane i kommunen gjennomfører skulebasert vurdering og driv med kontinuerleg

forbedringsarbeid. Hovudmålet med skulebasert vurdering er å sikre at alle elevar når måla i læreplanverket, og vurdere om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hjå elevane.

Det kjem fram av rutinen at skulebasert vurdering skal gjennomførast årleg. Skulen skal vidare velje tema for den skulebaserte vurderinga basert på ei brei og samla vurdering av om elevane når måla i læreplanarbeidet. Skulen skal jamleg vurdere om organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæring bidreg til å nå desse måla. Vurderinga skal sikte mot å fremje utviklinga og læringsutbyttet til elevane. Skulen skal nytte kjelder som gir resultat frå faglege og sosiale mål, som nasjonale prøver, som eit kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla for opplæringa. Basert på dette skal skulen velje tema. Samarbeidsutval og føresetteutval skal få uttale seg om val av tema, og informerast om resultat og tiltak etter gjennomført vurdering.

I den skulebaserte vurderinga skal skulen vurdere om endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæring kan bidra til å auke måloppnåinga hjå elevane i det valde temaet. Vurderinga skal vidare identifisere kva tiltak som best kan auke måloppnåinga. Skulen skal ha ei brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering. Skulen skal vidare fylgje opp dei endringane som dei kjem fram til i den skulebaserte vurderinga.

Kommunen har også laga eit årshjul for arbeidet med skulebasert vurdering gjennom skuleåret (sjå figur 1 under). Her skal skulane gjennomføre skulebasert vurdering i månads-skiftet mars-april, med presentasjonar av resultatata frå den skulebaserte vurderinga. Ulike undersøkingar og kartleggingar, som gir informasjon om skulane sine resultat på faglege og sosiale mål, som nasjonale prøver og elevundersøkinga, skal gjennomførast i løpet av året, med analyse og presentasjon av resultatata.



Figur 1. Årshjul for skulebasert vurdering Sauda kommune

Skulane og kommunen har i fellesskap bestemt seg for at motivasjon skal vere tema for den skulebaserte vurderinga denne våren. Som vist til i kapittel 2 er dette eit tema skulane skårar dårleg på i elevundersøkinga. Dette vil gjennomførast som ei pedagogisk analyse i mars og april på alle skulane. Tilsette og elevar vil bli aktivt inkludert i denne skulebaserte vurderinga. Pedagogisk analyse er eit

satsingsområde i kommunen sitt arbeid med skulebasert vurdering, og har vore fokus på rektormøter. Kommunen har også delteke på kurs i pedagogisk analyse i regi av Høgskolen i Innlandet. Kommunen har eit eige skjema utvikla av Høgskolen i Innlandet for arbeid med pedagogisk analyse.

I den pedagogiske analysen vil skulane sjå nøye på og analysere elevundersøkinga samt gjennomføre intervju eller spørjeundersøkingar med elevane for å finne grunnar til den låge motivasjonen og tiltak for å betre motivasjonen. Resultata frå den skulebaserte vurderinga skal presenterast til elevar, føresette, kommunalsjef og kommunestyret.

Vidare har kommunen og skulane innføring av ny læreplan LK20 og digitalisering som to hovudsatsingsområde i skulen våren 2019.

Sauda kommune er saman med Suldal, Vindafjord og Tysvær kommune i gang med å lage ein felles kommuneplan for arbeidet med innføringa av den nye læreplanen. Kvar skule har vidare laga sin eigen plan for sitt eige arbeid med overordna del i LK-20. Det kjem fram av ein av skulane sin plan at den overordna delen skildrar faga sitt innhald og mål og gir retning for opplæringa i faga. Samla sett er læreplanverket grunnlaget for opplæringa i skulen.

Sauda kommune har vidare ei digitalsatsing i skulen. Ryfylke IT-samarbeid (RITS) er eit interkommunalt IKT-samarbeid mellom kommunane Hjelmeland, Sauda, Strand og Suldal. RITS skal innføre ipad som verktøy for alle elevar og lærarar i grunnskulen i samarbeidskommunane. Det kjem fram av intervju at elevane får ipad ved skulestart 2019. Det er utarbeida ein prosjektplan for prosjektet. I prosjektplanen kjem det fram at nokon av måla med digitalsatsinga er å betre opplæringa, gjere elevane til aktive brukarar og utvikle digitale ferdigheiter, som er ei av fem grunnleggjande ferdigheiter i skulen. Det kjem fram av intervju at lærarane får opplæring i ipad våren 2019.

Det går fram av intervju med rektorane på skulane at skulebasert vurdering er eit lite kjent omgrep, og at ein opplever å få lite informasjon frå kommunen om skulebasert vurdering.

3.3 Vurderingar

Revisjonen vurderer på bakgrunn av intervjudata at skulane gjennomfører aktivitetar i tråd med skulebasert vurdering, men at desse aktivitetane ikkje er sett i system. Kommunen har tatt tak i dette, og er i ferd med å utarbeide eit system for skulebasert vurdering. Kommunen har i denne samanheng utarbeida ei rutine og eit årshjul for arbeidet med skulebasert vurdering. Skulebasert vurdering vil gjennomførast på alle skulane som ei pedagogisk analyse i månadsskiftet mars-april kvart år. Våren 2019 vil skulane foreta ei skulebasert vurdering på motivasjon, som er vald ut på bakgrunn av resultat frå elevundersøkinga der skulane skårar dårleg.

Rutinen legg opp til at skulane gjennomfører skulebasert vurdering jamleg og at tilsette, føresette og elevar blir aktivt inkludert i arbeidet med skulebasert vurdering. Vidare legg rutinen opp til at skulane vurderer om det er behov for å gjennomføre endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa som ein del av den skulebaserte vurderinga. Rutinen legg også opp til at endringar blir fylgt opp.

Etter Utdanningsdirektoratet sin rettleiar for skulebasert vurdering skal skulane velje tema for den skulebasert vurderinga basert på skulane sitt resultat og elevane si måloppnåing. Revisjonen vurderer at kartleggingane og prøvene som skulane nyttar, samt enkelte skular sin bruk av ståstadsanalyse og skulevandring, gir skulane eit godt grunnlag for å velje tema. Samstundes legg rutinen for skulebasert vurdering opp til at skulane vel tema basert på skulane sitt resultat og elevane si måloppnåing.

Det kjem fram av intervju ved rektorane at skulebasert vurdering er eit lite kjent omgrep, og at det har kome lite informasjon frå kommunen om skulebasert vurdering. Revisjonen stiller spørsmålsteikn ved om kommunen har kommunisert tydeleg nok til dei tilsette ved skulane om kva som ligg i omgrepet og skulane sitt ansvar for å gjennomføre skulebaserte vurderingar. Samstundes er det vår vurdering at kommunen, som skuleeigar, no har tatt grep for å sikre informasjon og klarleik rundt roller og ansvar knytt til skulebasert vurdering.

4. Spesialundervisning og tilpassa opplæring

I dette kapitlet svarar vi på problemstilling 3. "Får alle elevar som har behov for spesialundervisning tilbod om spesialundervisning? Her vil vi vurdere samsvaret mellom tilrådd omfang på spesialundervisning og faktisk tilbod om spesialundervisning, samt korleis skulane legg til rette for tilpassa opplæring til høgt presterande elevar.

4.1 Revisjonskriterier

Revisjonskriteria er utleia frå:

- ✓ Opplæringslova
- ✓ Rettleiaren *spesialundervisning* frå Utdanningsdirektoratet
- ✓ Rettleiaren *tilpasset opplæring for alle elever* frå Utdanningsdirektoratet

For ei utdyping av revisjonskriteria viser vi til vedlegg 2.

4.2 Fakta

4.2.1 Omgrepsavklaring

Det kjem fram av Utdanningsdirektoratet sin rettleiar *tilpasset opplæring for alle elever* at tilpassa opplæring er dei tiltaka skulen sett inn for å sikre at elevane får eit best mogleg utbytte av den ordinære opplæringa. Tilpassa opplæring er ingen individuell rett, og skal gå føre seg gjennom variasjon og tilpassingar for den enkelte elev innanfor elevfellesskapet. Tilpassa opplæring gjeld for alle elevar.

Spesialundervisning derimot er ein individuell rett som gjeld for nokon elevar. Elevar som ikkje har tilstrekkeleg utbytte av den ordinære opplæringa, som regulert av § 5-1 i *opplæringslova*, har rett på spesialundervisning. Spesialundervisninga gir elevane ekstra tilrettelegging utover det ordinære opplæringstilbodet. Spesialundervisninga kan som nemnt i rettleiaren *spesialundervisning* til dømes gå føre seg i klasserommet med ekstra lærar, i mindre grupper eller som 1-1 undervisning.

4.2.2 Rutinar for tilpassa opplæring og spesialundervisning

Kommunen har ei rutine for tilpassa opplæring og spesialundervisning som gjeld for all opplæring i grunnskulen. Føremålet med rutinen er å sikre at alle elevar får opplæring i tråd med lovverket. Det kjem fram i rutinen at i vurderinga av kva opplæringstilbod som skal bli gitt, skal det leggjast særleg vekt på eleven sine utviklingsutsikter. Opplæringstilbodet skal vidare gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til dei opplæringsmåla som er realistiske for eleven. Skulen skal danne seg eit best mogleg bilete av elevane fagleg, emosjonelt, sosialt og fysisk. Dette skal gjerast gjennom hensiktsmessig kartlegging.

Når lærar er bekymra for at ein elev ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal lærar melde frå til rektor og føresette om dette. Skulane og PPT har vidare ei samarbeidsprosedyre, kor det blir vektlagt

at lærarane skal prøve ut tiltak for å gje eleven tilfredsstillande utbytte av opplæringa innan den ordinære opplæringa. PPT kan rettleie skulen i denne prosessen.

Kommunen har ei rutine som spesifiserer kva skulen skal gjere før ein sender tilvising til PPT når ein er bekymra for læringsutbyttet til ein elev. Kontaktlærar, spes.ped.koordinator og/eller andre vaksne rundt eleven skal kartleggje og observere for å samle inn informasjon om eleven. Tilsette på skulen skal vidare ha møter den ein diskuterer saka og set i verk strategiar og tiltak for å betre eleven sitt læringsutbytte. Til slutt skal det vere eit evalueringsmøte der tiltak og strategiar evaluerast og eventuelt reviderast. Elev og føresette deltek på dette møtet. Rektor avgjer i etterkant av dette i samråd med føresette om eleven skal tilvisast til PPT.

Etter rutinen for tilpassa opplæring og spesialundervisning skal det ved behov for sakkunnig vurdering meldast til PPT. PPT har eit eige tilvisingsskjema som skal fyllast ut, kor rektor og føresette samt elevar over 15 år skal skrive under. Skjemaet inneheld blant anna informasjon om eleven og grunnar for tilvisinga. PPT gjennomfører sakkunnig vurdering om kor vidt eleven fyll krava til spesialundervisning etter § 5-1 *rett til spesialundervisning*. Rektor har vidare ansvar for å fatte enkeltvedtak om spesialundervisning basert på den sakkunnige vurderinga. Lærar har ansvar for opplæringa basert på enkeltvedtak om spesialundervisning. Rektor har samstundes ansvaret for å leie arbeidet med skulen si organisering av tilpassa opplæring og spesialundervisning og informere kommunalsjefen om moglege brot på rutinen.

Elevar med enkeltvedtak om og som har spesialundervisningstimar skal ha ein individuell opplæringsplan (IOP). Den skal utformast slik at det er eit arbeidsreiskap for læraren samstundes som den gir føresette moglegheita til å fylgje læringsarbeidet. Opplæringsplanen skal evaluerast kvart halvår gjennom utfylling av ein halvårsrapport som gir ei samla vurdering av eleven sin framgang og utvikling.

Elevar som etter sakkunnig vurdering har rett til spesialundervisning og som har fått eit enkeltvedtak utan rett til spesialundervisning skal ha ein tilpassa læringsplan som viser kva tilpassingar som er gjort i forhold til gruppa sin plan. Elevane har klagerett på enkeltvedtaket.

Skulen skal kvart år utarbeide ei skriftleg oversikt over opplæringa eleven har fått og ei vurdering av utviklinga til eleven, som sendast til elev og/eller føresette samt til kommunen. Spesiallærar har ansvar for å skrive årsrapporten.

Skulane og PPT har vidare ei samarbeidsprosedyre, som omhandlar samarbeid knytt til førebyggjande arbeid før tilvising til PPT, tilvising om kartlegging av vanskar, sakkunnig vurdering om spesialundervisning og oppfølging frå PPT etter utreiing.

4.2.3 Omfang av spesialundervisning

Tabell 16 under viser ei oversikt over tal elevar i grunnskulen i Sauda kommune som hadde spesialundervisning i 2018:

Skuletrinn	Elevar med spesialundervisning i %	Tal elevar med spesialundervisning	Tal elevar totalt
1.-4. trinn	3,9%	9	232
5.-7. trinn	8,3%	15	180
8.-10. trinn	10,2%	18	176
Totalt	7,1%	42	588

Tabell 16. Tal elevar med spesialundervisning i grunnskulen i Sauda kommune 2018. Kjelde: KOSTRA.

42 elevar, 7,1% av den totale elevmassen, hadde spesialundervisning i 2018. Det var flest elevar med spesialundervisning på 8.-10. trinn, og færrest på 1.-4. trinn.

Tabell 17 under viser korleis talet på elevar med spesialundervisning har utvikla seg dei siste åra:

	2015	2016	2017	2018
Tal elevar med spesialundervisning %	8,7%	8,5%	7,3%	7,1%

Tabell 17. Tal elevar med spesialundervisning i grunnskulen i Sauda kommune 2015-2018. Kjelde: KOSTRA.

Andelen elevar med spesialundervisning har minka i Sauda kommune, i tråd med nasjonale myndigheiter og Sauda kommune sitt eige mål om å redusere omfanget av elevar med spesialundervisning. Sauda kommune har frå tilstandsrapporten i 2016 eit mål om å redusere tal elevar med behov for spesialundervisning ned til 7%. Som ein ser av tabellen har kommunen nesten nådd dette målet i 2018 med eit tal på 7,1%.

Tabell 18 under viser korleis kommunen ligg an i forhold til samanliknbare kommunar i Kostragruppe 03 og Rogaland:

Nøkkeltal	Sauda	Kostragruppe 03	Rogaland
Elevar med spesialundervisning %	7,1 %	9,3 %	8,1%
Årstimar spesialundervisning per elev med spesialundervisning	178,9	166,7	128,2
Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar	18,7%	19,5%	17,6%

Tabell 18. Nøkkeltal spesialundervisning Sauda, Kostragruppe 03 og Rogaland 2018. Kjelde: KOSTRA.

Kommunen har færre elevar med spesialundervisning enn kostragruppe 03 og Rogaland. Samstundes nyttar kommunen fleire årstimar per elev til spesialundervisning. Totalt nyttar kommunen 18,7% av dei totale lærartimane på spesialundervisning. Dette er litt meir enn Rogaland og litt mindre enn Kostragruppe 03.

Tabell 19 under viser tal årstimar spesialundervisning per elev og andel timar spesialundervisning av tal lærartimar i dei ulike trinna i grunnskulen:

Trinn	Årstimar spesialundervisning per elev	Andel timar spesialundervisning av tal lærartimar
1.-4.trinn	221,7	12,6%
5.-7.trinn	190,7	22,7%
8.-10.trinn	147,8	22,6%

Tabell 19. Nøkkeltal spesialundervisning fordelt på årstrinn i Sauda kommune 2018. Kjelde: KOSTRA.

Sauda kommune nyttar som tabellen over viser flest årstimar i spesialundervisning til elevane på 1.-4. trinn, medan ein nyttar færrest timar til elevane på ungdomsskulen. Samstundes nyttar ein minst lærartimar til spesialundervisning på 1.-4.trinn. Her nyttar ein 12,6% av dei totale lærartimane på spesialundervisning. For 5.-7. trinn er tilsvarande tal 22,7% og ungdomsskulen 22,6% av dei totale lærartimane.

Det kjem fram av tilstandsrapporten for grunnskulen for 2017 at kommunen meiner at det blir nytta mykje ressursar på spesialundervisninga fordi kommunen har elevar med store behov. Dette blir bekrefta på intervju. Særleg gjeld dette elevar med behov for 1-1 bemanning.

4.2.4 System rundt spesialundervisninga

Det kjem fram av intervju at kommunen har jobba mykje med systemet rundt spesialundervisninga og kommunen har klare rutinar og system for prosessen (sjå del 4.2.1). Ein respondent framhevar at det er viktig med eit system rundt spesialundervisninga for å sikre at alle får den opplæringa dei har krav på.

Kommunen har dei siste åra gjennomført endringar i spesialundervisningssystemet. Kommunen har tidlegare erfart at skulane prøvde å skvise ut mest mogleg ressursar til spesialundervisninga og at dei la press på PTT for å få flest mogleg timar til eleven. No tildelar kommunen midlar til kvar skule ut ifrå elevtalet på skulen. Desse midlane inkluderer alle tiltaka skulane gjennomfører, inkludert spesialundervisninga. Skulane får ekstra midlar til dei tyngste elevane med behov for store ressursar.

Kommunen har vidare stort fokus på å prøve ut andre tiltak før ein tilviser til sakkunnig vurdering. Kommunen har her ei eiga rutine for kva skulen skal gjere før ein tilviser til PPT, samt ei samarbeidsprosedyre med PPT som blant anna handlar om samarbeid før tilvising til PPT. PPT kan her rettleie skulen i prosessen. Det kjem vidare fram av denne rutinen at lærarane skal vurdere om eleven kan få tilfredsstillande utbytte av opplæringa ved å gjere endringar og/eller prøve ut ulike tiltak innanfor den ordinære opplæringa før ein tilviser til PPT.

Sauda kommune har ein policy på at det meste av spesialundervisninga skal skje i klasserommet. Ein ynskjer ikkje å segregere elevane, og mange elevar ynskjer ikkje å ha undervisning utanfor klasserommet. Skulane er samde i denne policyen og ynskjer at elevane skal delta i undervisninga i klasserommet så mykje som mogleg. For dei fleste elevar føregår spesialundervisning utanfor klasserommet i korte tidsrom, til dømes som høyring i lekse eller som ekstra hjelp ved innleiing til eit nytt emne. Samstundes blir det opplyst at spesialundervisninga er behovsprøvd og tilpassa kvar enkelt elev. Nokon elevar trenger til dømes 1-1 bemanning medan nokon elevar har behov for undervisning i grupper.

Skulane har vidare spesialpedagogiske team på skulane som drøftar sakar der ein er bekymra for at elevar ikkje får tilfredsstillande utbytte av opplæringa. Desse teama kan vidare rettleie lærarane. Dei spesialpedagogiske teama har tett samarbeid med PPT.

Det er eit tett samarbeid mellom ungdomsskulen og barneskulane om elevar som skal byrje på ungdomsskulen. Partane har møter om elevane som skal byrje på ungdomsskulen. Samstundes får mange av elevane med særskilde behov anledning til å besøke ungdomsskulen fleire gongar før oppstart på ny skule.

Det blir opplyst på intervju at den største utfordringa innanfor spesialundervisninga er elevar med komplekse diagnosar. Samspelet mellom sektorane i kommunen har fungert bra i saker med elevar med komplekse diagnosar, men respondentane forventar at innføringa av BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats) i kommunen vil bidra å betre samspelet mellom sektorane i kommunen. Ein respondent forventar at det vil føre til betre innsats tidlegare. BTI er ein kommunal modell for systematisk og kunnskapsbasert identifikasjon og oppfølging av utsette born.

Digitalisering og digitale verktøy blir vidare framheva som nyttige verktøy for å kunne leggje til rette for eit betre spesialundervisningstilbod. Tekstpilot blir nemnt som eit nyttig digitalt verktøy for elevar med dysleksi, der elevane får hjelp til ord og staving av ord.

Fleire respondentar opplyser at dei opplever at tildelingsprosessen frå elev meldast inn til PPT til sakkunnig vurdering føreligger tek for lang tid. Ein skule nyttar i den anledning spesialundervisningstimar på elevar med vanskar som ikkje har fått sakkunnig vurdering.

4.2.5 Vurdering av behov for spesialundervisning

Som nemnt i førre del kartlegg skulane eleven sin situasjon og prøver ut systematiske tiltak før ein tilviser til sakkunnig vurdering. Det kjem fram av rutinen for tilpassa opplæring og spesialundervisning at rektor i samråd med føresette avgjer etter ei evaluering av desse tiltaka om eleven skal tilvisast til PPT. PPT gjennomfører sakkunnig vurdering for tilviste elevar, og vurderer om desse elevane oppfyller krava til spesialundervisning. PPT gir her ei tilråding med vurdering av eleven sitt behov for spesialundervisning samt tilrådingar omkring omfang og organisering av spesialundervisninga. Omfanget omfattar ei tilråding omkring kor mange årstimar spesialundervisning eleven treng. Det blir opplyst at det sjeldan blir meldt opp elevar på ungdomsskulen til PPT. Dei fleste elevar med behov for spesialundervisningar blir utreia og får vedtak om spesialundervisning på barneskulane.

Rektor fattar vidare basert på den sakkunnige vurderinga enkeltvedtak om spesialundervisning, som spesifiserer organiseringa og omfanget av eleven sitt opplæringstilbod.

Det kjem fram av rutinen for tilpassa opplæring og spesialundervisning at i vurderinga av opplæringstilbodet skal det leggjast vekt på eleven sine utviklingsmoglegheiter. Opplæringstilbodet skal vidare gi eleven eit forsvarleg utbytte av opplæringa i forhold til andre elevar og i forhold til opplæringmåla som er realistiske for eleven. Det kjem fram av intervju at behovet for spesialundervisning blir vurdert opp mot meistring i forhold til kompetansekrava.

Vedtak om spesialundervisning gjeld for eit skuleår, og det må fattast nytt vedtak for kvart skuleår. Om PPT skriver ei ny sakkunnig vurdering i løpet av skuleåret blir det fatta nytt vedtak undervegs. Vedtak om spesialundervisning blir samstundes fortløypande evaluert.

Ei sakkunnig vurdering er gjeldande for 2-3 skuleår. Samstundes blir ei sakkunnig vurdering føreteke på nytt om eleven sine behov endrar seg vesentleg i løpet av perioden. Det blir vidare alltid gjort ei ny sakkunnig vurdering ved overgangen barneskule-ungdomsskule. Barneskulane og ungdomsskulen har vidare eit tett samarbeid omkring elevar i 7. klasse som skal starte på ungdomsskulen.

Elevar med vedtak om spesialundervisning skal ha ein individuell opplæringsplan (IOP). Det kjem fram av rutinen for tilpassa opplæring og spesialundervisning at planen skal evaluerast kvart halvår gjennom ein halvårsrapport som vurderer eleven sin framgang og utvikling. Elevane får vidare ein tilpassa læringsplan. Kvart år skal det sendast ei skriftleg oversikt over opplæringa til eleven med ei vurdering av utviklinga. Skulane rapporterer på IOP-ane til kommunalsjefen, som går nøye gjennom desse og sjekkar at dei er i tråd med vedtaket.

Vedtak om spesialundervisning blir som regel fatta i samråd med anbefalinga frå PPT. Vår gjennomgang syner at ingen elevar har fått mindre enn det tilrådde omfanget timar spesialundervisning, men nokon elevar får fleire timar enn tilrådd. Dette gjeld særleg elevar med åtferdsproblematikk. Omfanget kan endrast undervegs om ein ser at behovet for spesialundervisning endrar seg.

Det kjem fram av intervju at ein er trygge på at skulane gir elevane det spesialundervisningstilbodet dei har krav på. Samstundes kan det ved ekstraordinære situasjonar som sjukdom hjå spesialpedagogar hende at elevane ikkje får det spesialundervisningstilbodet dei har krav på.

Vidare melder fleire av skulane at dei har utfordringar med mangel på lærarar med kompetanse i spesialpedagogikk. Dette kombinert med sjukmeldingar og sjukdom gjer at spesialundervisningstilbodet innimellom kan vere sårbart. Mangelen på spesialpedagogar gjer vidare at elevar med vedtak om spesialundervisning ikkje alltid får opplæring frå spesialpedagogar. Det blir opplyst at ein del av spesialundervisninga i skulane blir gjennomført av lærarar utan spesialpedagogisk kompetanse grunna mangelen på spesialpedagogar. Fleire respondentar skildrar dette som ei utfordring.

Samstundes blir det opplyst i intervju at fleire spesialpedagogar kan hjelpe til å styrkje spesialpedagogane sin rettleiingsfunksjon overfor lærarar og fagarbeidarar på skulen. Ein skule melder vidare at dei per dags dato ligg på grensa i forhold til å yte tilrådd timeomfang i vedtaka om spesialundervisning. De blir understreka at skulen per i dag tilbyr spesialundervisning i tråd med timetalet.

Det blir opplyst at kommunen har fokus på dette, men at ein sliter med å rekruttere spesialpedagogar. Kommunen legg samstundes til rette for at lærarane kan ta vidareutdanning innan blant anna spesialpedagogikk.

Vidare er det ei opplevd utfordring at skulane manglar kompetanse innanfor nokre typar diagnosar. Det blir opplyst at det er ei utfordring å rekruttere lærarar med denne kompetansen, og at ein vektlegg å sende lærarar på kurs for å auke kompetansen innanfor desse diagnosane.

4.2.6 Tilpassa opplæring for høgt presterande elevar

Ein respondent vektlegg at alle elevar skal oppleve læringsutbytte og få tilpassa opplæringa ut ifrå sitt nivå. Tilpassa opplæring skjer kvar dag i kvar time, og er ei differensiering av den enkelte elev si opplæring. Det kjem fram av intervju at skulane i liten grad har eit organisert tilbod om tilpassa opplæring til elevar som presterer godt. Det er i stor grad opp til faglærarane å tilpasse undervisninga si til høgt presterande elevar.

Det kjem fram av intervju at skulane fyrst og fremst tilpassar opplæringa til desse elevane ved å tilpasse pensum og oppgåver. Til dømes tilbyr skulane oppgåver og litteratur på eit høgare nivå til elevar som presterer godt i faga. Det blir opplyst i intervju at digitale hjelpemiddel blir nytta for å tilpasse pensum og oppgåver til høgt presterande elevar. Til dømes nyttast dataprogrammet multismart som gir oppgåver tilpassa elevane sitt nivå. Lærarane legg inn oppgåver i multismart, og vanskegraden aukar om elevane meistar oppgåvene. Samstundes minkar vanskegraden om elevane ikkje meistar oppgåvene. Vidare har skulane fokus på framovermeldingar, som skal gje elevane informasjon om deira noverande faglege nivå og kva dei må gjere for å bli betre. Skulane har vidare fokus på variasjon i undervisninga.

Samstundes tilbyr nokon av skulane eigne grupper for høgt presterande elevar. Ein barneskule har eigne grupper i matematikk og norsk på mellomtrinnet. Ein annan skule har stasjonsarbeid med ulike stasjonar i klasserommet med grupper på 3-4 elevar som får tilpassa oppgåver og undervisning på stasjonane. Ein skule nyttar løyper der faga blir delt i ulike nivå. Dette blir særleg nytta i matte. Det blir opplyst at det er opp til rektor å avgjere om skulane vil nivådele grupper, og at det blir lite nytta i Saudaskulen.

Vidare er organiseringa av den tilpassa opplæringa i klasserommet eit tema på faglærarmøte og fellesmøte.

Det blir opplyst at skulane har retta hovudfokuset mot lågt presterande elevar. Fleire av respondentane meiner at skulane kan bli flinkare til å tilpasse opplæringa til dei høgt presterande elevane. Ein av respondentane antyder ein samanheng mellom tilpassa opplæring og motivasjon. Som nemnt tidlegare skårar skulane dårleg på motivasjon på elevundersøkinga. Denne respondenten antyder at dette resultatet kan ha samanheng med at skulane ikkje er flinke nok til å tilpasse opplæringa, og at elevane difor mistar motivasjon. Ein annan respondent påpeiker vidare at på dei nasjonale prøvene har elevane på det lågaste ferdigheitsnivået betra seg, medan det har vore litt nedgang på det høgaste ferdigheitsnivået. Dette kan tyde på at skulane ikkje er flinke nok til å tilpasse opplæringa til høgt presterande elevar.

Vidare kjem det fram av intervju at respondentane har stor tru på at digitaliseringa i skulen vil bidra til å betre den tilpassa opplæringa til alle elevgrupper. Alle lærarar og elevar vil få kvar sin personlege ipad som vil nyttast i undervisninga. Betra tilpassa opplæring er eit effektmål i prosjektplanen for digitaliseringa. Vidare er det ein strategi at lærarane skal nytte digitale verktøy i opplæringa for å gjennomføre god og effektiv undervisning. Det er vidare eit resultatmål at nytta av digitale verktøy skal bidra til å gje elevane likeverdig og tilpassa opplæring med auka læringsutbytte. Betre tilpassa opplæring og betre variasjon i undervisninga er andre resultatmål.

4.3 Vurderingar

Spesialundervisning

Revisjonen registrerer at det i stor grad er samsvar mellom tilrådd omfang på spesialundervisning og faktisk tilbod om spesialundervisning. Rektorane følgjer hovudsakeleg anbefalinga på tal timar frå PPT. Det går fram av intervju at nokon elevar får fleire timar enn tilrådd frå PPT. Samstundes kjem det fram av intervju at ein skule nyttar spesialundervisningstimar på elevar med vanskar som ikkje har fått sakkunnig vurdering grunna ein lang tildelingsprosess. Dette gjeld elevar med store vanskar som må ha avvik frå opplæringsmåla i læreplanen. Kommunen opplyser at desse elevane får spesialundervisning basert på førebels vedtak om spesialundervisning. Revisjonen vurderer at det er positivt at skulen har fokus på å gi elevane eit best mogleg opplæringstilbod. Samstundes stiller vi spørsmålsteikn ved denne praktiseringa. Etter vår vurdering vil dette vere å rekne for tilpassa opplæring, og ikkje spesialundervisning.

Vi vurderer vidare at kommunen har eit klart system og klare rutinar for å fange opp elevar som har rett på spesialundervisning, det vil seie elevar som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet. Kommunen sjølv vektlegg at dette er viktig for å sikre at elevane får den opplæring dei har krav på. Skulane har samstundes fokus på å kartleggje elevane hensiktsmessig og å danne seg eit heilskapleg bilete av kvar enkelt elev. Skulane skal her ha elevsamtalar og føresettekonferansar minst 2 gongar årleg. Samstundes skal skulane observere elevane systematisk gjennom heile skuledagen. Kommunen har vidare klare rutinar for kva ein skal gjere når ein er bekymra for læringsutbyttet til ein elev. Kommunen har også eit klart system for korleis ein skal kartleggje slike elevar sin læringssituasjon, og kva som skal gjerast før ein tilviser til PPT.

Det er etter vår vurdering bekymringsverdig at det er mangel på spesialpedagogisk kompetanse. Vis skulane ikkje har tilstrekkeleg spesialpedagogisk kompetanse er det etter vår vurdering risiko for at elevar med spesialundervisningstilbod ikkje får heilskapleg spesialpedagogisk oppfølging i tråd med vedtaket. Kommunen er klar over utfordringa og har ein strategi for å handtere dette, noko som er positivt.

Revisjonen vurderer vidare at skulane følgjer dei to stega i vurderinga av retten til spesialundervisning som er skissert i Utdanningsdirektoratet sin rettleiar. Skulane vurderer fyrst om elevane får tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa. Om skulen avgjer at eleven ikkje har tilfredsstillande utbytte tilviser skulen eleven til PPT, som kjem med ei tilråding om kva for eit

opplæringstilbud eleven har behov. Basert på denne sakkunnige vurderinga utformar rektor vedtak om spesialundervisning.

Tilpassa opplæring for høgt presterande elevar

Vi vurderer at skulane har fokus på og legg til rette for variasjon i opplæringa. Samstundes har skulane etter vår vurdering fokus på å tilpasse opplæringa etter fag, alder, lærestoff og utviklingsnivå.

Samstundes er det vår vurdering at det ligg føre eit forbettringspotensial knytt til tilpassa opplæring for elevar som presterer særleg godt. Vi viser her til at ein i lita grad har eit organisert tilbod til denne elevgruppa, og at det i stor grad er opp til faglærar å tilpasse opplæringa.

Revisjonen vurderer vidare at digitalisatinga i skulen gir skulane gode moglegheiter for å styrkje den tilpassa opplæringa for alle elevgrupper.

5. Norskopplæring for minoritetsspråklige elevar

I dette kapitlet svarar vi på problemstilling 4. "I kva grad er skulen tilrettelagt for minoritetsspråkelege elevar?". Her vil vi sjå på om elevar med minoritetsbakgrunn får tilstrekkeleg norskopplæring.

5.1 Revisjonskriterier

Revisjonskriteria er utleia frå:

- ✓ Opplæringslova
- ✓ Rettleiaren *regelverket for minoritetsspråklige 6-16 år* frå Utdanningsdirektoratet
- ✓ Rettleiaren *tilpasset opplæring og minoritetsspråklige elever* frå Utdanningsdirektoratet

For ei utdjuing av revisjonskriteria viser vi til vedlegg 2.

5.2 Fakta

5.2.1 Omgrepssavklaring

ifylgje kommunen sin plan for å ta imot og inkludere minoritetsspråkelege elevar kan ein elev med minoritetsspråkleg bakgrunn vere:

1. Born som kjem til Noreg like før dei byrjar på skulen
2. Born som kjem til Noreg i løpet av skulealder
3. Born født i Noreg med liten kontakt med norskspråkelege miljø i førskulealder

Felles for elevane er at dei er flinkare i morsmålet sitt enn i norsk. Ein elev med minoritetsspråkleg bakgrunn kan få tilbod om særskilt språkopplæring i norsk, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Særskilt språkopplæring i norsk handlar om å få tilrettelagt opplæring i norsk fram til eleven har tilstrekkelege norskdugleikar til å fylgje den ordinære opplæringa i skulen. Morsmålsopplæring er opplæring i morsmålet for språkelege minoritetar med hovudformål å styrkje elevane sine føresetnader for å meistre norsk. Tospråkleg fagopplæring har som formål å sikre elevane si forståing av kunnskapsinnhaldet i eit fag.

5.2.2 Prosedyre for språkopplæring ved Sauda ungdomsskule

Sauda ungdomsskule har ei prosedyre for norskopplæringa til minoritetsspråkelege elevar. Elevar med minoritetsspråkleg bakgrunn skal hausten på 8. trinn få kartlagt norskdugleikane sine. Formålet er å vurdere om minoritetsspråkelege elevar skal ha undervisning etter kunnskapsløftet i norskfaget eller om dei skal vurderast etter læreplan i grunnleggjande norsk. Elevar med låge norskkunnskapar skal kartleggjast etter kartleggingsverktøyet til Utdanningsdirektoratet. Dette har samband med at det må

vurderast og bestemast for kva nivå i læreplanen opplæringa skal ta utgangspunkt i for den einsskild elev.

Kartlegginga skal fungere som eit hjelpemiddel for å kartleggje kunnskapar og vurdere om læringsmål er nådde. Det kan samstundes fungere som hjelp for læraren når det gjeld progresjon og tilpassing av opplæring. I tillegg kan kartlegginga fungere som eit pedagogisk verktøy for elevane som kan styrkje medvitte deira om korleis ein lærer norsk og om korleis dei kan ta ansvar for eiga språkutvikling. Kartlegginga kan også nyttast for å gje innsikt i språkutviklinga og kva det bør arbeidast meir med.

Det skal gjennomførast ei samla vurdering av kvar elev si norskkompetanse kvar vår, i samarbeid med språklærar og andre faglærarar. Om eleven samla ligg på nivå 1 eller 2 skal eleven ha opplæring etter læreplan i grunnleggjande norsk. Om eleven ligg jamt på nivå 3 må ein vurdere om eleven skal ha læreplan i grunnleggjande norsk eller om eleven skal vurderast etter læreplan i norsk og ha vurdering med karakter.

Skulen vel om den særskilte norskopplæringa blir gitt etter læreplanen i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar eller i form av særskilt tilpassing innanfor ordinær læreplan i norsk. Om eleven skal ha opplæring etter læreplan i grunnleggjande norsk for språklege minoritetar skal rektor gjere eit enkeltvedtak om dette i samråd med føresette.

5.2.3 Plan for mottak og inkludering av minoritetsspråklege elevar

Kommunen har ein plan for å ta imot og inkludere minoritetsspråklege elevar i skulen. Målet er at planen skal bidra til å sikre eit heilskapleg, kvalitetssikra og likt tilbod til elevane med minoritetsspråkleg bakgrunn. Planen gir rutinar ved mottak, organisering av undervisning fagleg og sosialt, kartlegging ved innkost og undervegs og rutinar for overgang til ordinær undervisning.

Det kjem fram av planen at kommunen har som mål at minoritetsspråklege elevar:

- ✓ Lærer å snakke, lese og skrive norsk samt lære om norsk skule og det norske samfunnet
- ✓ Integrerast sosialt på skulen og i nærmiljøet
- ✓ Kombinerer opplæring i norsk og andre fag straks det er mogleg
- ✓ Eleven skal vis det er mogleg kunne vurderast etter Kunnskapsløftet

Planen inneheld ei prosedyre for arbeid med minoritetsspråklege elevar i Sauda kommune. Når ny elev kjem skal det arrangerast ein mottaks-samtale der ein vurderer kva målform eleven treng. Det skal også arrangerast ein inntakssamtale der eleven blir kjent med skulen. Språkkompetansen i norsk skal kartleggjast to gonger i året, kor det også skal avgjerast kva læreplan som skal gjelde for eleven si norskopplæring. Når eleven har nådd nivå 3 i kartleggingsverktøyet skal ein ha ein vurderingssamtale kor det skal avgjerast om eleven skal fylgje ordinær læreplan i norsk og andre fag.

5.2.4 Omfang av norskopplæring for minoritetsspråklege

Tabell 20 under viser ei oversikt over tal elevar med særskilt norskopplæring og årstimar til særskilt norskopplæring per elev i Sauda, Kostragruppe 03 og Rogaland i 2018:

Nøkkeltal	Sauda	Kostragruppe 03	Rogaland
Elevar med særskilt norskopplæring	3,7%	4,7%	5,4%
Årstimar til særskilt norskopplæring per elev	69,2	26,3	16,6

Tabell 20. Tal elevar med særskilt norskopplæring i Sauda, Kostragruppe 03 og Rogaland 2018. Kjelde: KOSTRA.

Som tabellen viser har 3,7% av elevane i grunnskulen særskilt norskopplæring i Sauda kommune, noko som er litt lågare enn i kostragruppe 03 og Rogaland. Samstundes nyttar Sauda kommune 69,2 årstimar per elev med særskilt norskopplæring. Dette er vesentleg høgare enn i Rogaland og Sauda.

Tabell 21 under viser tal timar med morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i Sauda kommune, Kostragruppe 03 og Rogaland i 2018:

	Årstimar morsmålsopplæring	Årstimar tospråkleg fagopplæring
Sauda	0	0
Kostragruppe 03	493	1969
Rogaland	9770	59013

Tabell 21. Årstimar med morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring i Sauda, Kostragruppe 03 og Rogaland 2018. Kjelde: KOSTRA

Som tabellen viser har ikkje Sauda kommune tilbod om morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring.

5.2.5 Tilbod om norskopplæring for minoritetsspråklege elevar i Sauda kommune

Sauda kommune har tilbod om norskopplæring for minoritetsspråklege elevar ved Fløgstad skule og Sauda ungdomsskule. I utgangspunktet er det Fløgstad skule som skal ta imot minoritetsspråklege elevar i barneskulealder.

Fløgstad skule yter norskopplæring i to særskilte grupper. Kvar gruppe har ein time norskopplæring per dag, totalt fem timar i veka. Totalt er det 10 elevar som tek del i opplæringstilbodet. Dei to gruppene er tilrettelagt eller elevane sine norskdugleikar.

Elevane sine norskdugleikar blir vurdert etter kartleggingsprøver. Skulen nyttar ein forenkla versjon av Utdanningsdirektoratet sitt kartleggingsverktøy. Kartlegginga blir gjennomført av lærar i norskopplæring for minoritetsspråk basert på observasjon, samtalar med elev (inkludert ein kartleggingstest), føresettesamtalar og samtale med kontaktlærar. Rektor får vidare kartlegginga og gjer vedtak om særskilt norskopplæring. Vedtaket blir revurdert kvart skuleår. Lærar føreteik ei ny kartlegging av eleven kvart halvår.

Gruppene er samansett av born frå alle trinna i barneskulen. Opplegget internt i gruppene blir tilpassa kvar enkelt elev. Samstundes blir den ordinære undervisninga i klasserommet tilrettelagt etter dei minoritetsspråklege elevane sine norskdugleikar. Tidlegare hadde skulen ei gruppe med elevar i alle aldra og utviklingsnivå i norsk. Omorganiseringa til to differensierte grupper etter norskdugleikar skildrast som positivt for norskopplæringstilbodet ved skulen.

Skulen har ein assistent som yter leksehjelp til minoritetsspråklege born. Assistenten er framandspråkleg og kan fungere som tolk i dialogen mellom skulen, elevar og føresette. Skulen har også tilgang til tolk på telefon.

Sauda ungdomsskule yter norskopplæring til ei gruppe på seks elevar. Elevane blir dette skuleåret tilbode inntil fire timar språkopplæring med fokus på norsk og samfunnsfag og to timar matematikk i veka. Elevane går i ulike klasser og på ulike klassetrinn, og ligg på ulike nivå i norsk. Skulen sitt tilbod avhenger av kor stor elevgruppa er og kva behov dei har.

Elevane sine norskdugleikar blir vurdert etter kartleggingsprøver. Skulen nyttar kartleggingsverktøyet til Utdanningsdirektoratet. Kartlegginga blir gjennomført kvart halvår av norsklærar for minoritetsspråklege elevar. Kartlegginga blir kontinuerleg følgt opp 2-3 gonger i halvåret. Når nye elevar kjem frå barneskulen nyttar ungdomsskulen noko tid det første halve året til å kartleggje om eleven har behov for særskilt norskopplæring. Her nyttar ungdomsskulen uttaler frå barneskulen samt eigne kartleggingar til å eventuelt fatte vedtak. Om eleven allereie har vedtak om norskopplæring på barneskulen blir dette vedtaket vidareført på ungdomsskulen. Vedtak om særskilt norskopplæring fattast individuelt for kvar elev av rektor.

Skulen har ein halvårsplan som er felles for elevane i norskopplæringa. Planen inneheld kva læringsmål elevane skal fylgje utifrå deira individuelle nivå. I den særskilte norskopplæringa er det gjerne ei felles økt med alle elevar, før ein deretter jobbar individuelt med oppgåver ut frå eige nivå. Til slutt blir timen avrunda med fokus på elevane si utvikling og å nå læringsmåla. Ein prøver å leggje inn ord og uttrykk i norskopplæringa som gjer at elevane kan meistre andre fag på skulen.

I ordinær klasse får elevane tilrettelagt opplæring i klasserommet. Skulen har som mål at elevane deltek i ordinære klasser når dei har moglegheit til dette. Skulen har tilgang til tolk per telefon.

Samla sett opplever respondentane at det blir gitt eit godt tilbod med god kvalitet i norskopplæringa på skulane. Samstundes opplever ein respondent at omfanget av den særskilte norskopplæringa ligg heilt på grensa av kva som er tilstrekkeleg på skulen der respondenten er tilsett. Samstundes opplever ein annan respondent frå skulen at norskopplæringa er tilstrekkeleg. Denne respondenten opplever vidare at ein per dags dato ikkje har store utfordringar knytt til norskopplæringa fordi skulane har elevar som har tileigna seg ein god del norsk språk.

Samstundes opplevast det som ein svakheit at skulane ikkje har tilbod om morsmålsopplæring, noko som forskning viser kan gjere det lettare å lære seg norsk. Det blir opplyst om at ein trenger lærarkompetanse for å undervise i dette, og at Sauda kommune ikkje har dette. Vidare opplever nokon kontaktlærarar at ein manglar tid til å kunne forberede minoritetselevar på undervisninga i klasserommet, noko som kan gje dei minoritetsspråklege elevane betre utbytte av undervisninga.

Ein respondent meiner det er viktig å jobbe med å dele norskopplæringstilbodet inn i meistringsnivå. Både Fløgstad skule og Sauda ungdomsskule organiserer tilbodet etter elevane sitt meistringsnivå.

5.3 Vurderingar

Revisjonen vurderer at skulen i stor grad er tilrettelagt for minoritetsspråklege elevar. Vi vurderer at kommunen har tydelege og stabile rutinar for opplæringa av minoritetsspråklege elevar, med blant anna rutinar for mottak og kartlegging av nye minoritetsspråklege elevar. Vidare vurderer vi at kommunen har gode rutinar og ein god praksis for å kartleggje og vurdere elevane sine dugleikar i norsk. Skulane kartlegg vidare elevane si utvikling i norsk jamleg.

Respondentane opplever at det blir gitt eit godt norskopplæringstilbod. Rett nok opplever ein respondent at omfanget av særskilt norskopplæring ligg på grensa av kva som er tilstrekkeleg på ein av skulane, men samstundes opplever ein annan respondent at skulen ikkje har store utfordringar knytt til norskopplæringa per dags dato fordi elevane har tileigna seg ein god del norskdugleikar. Revisjonen vurderer difor at omfanget av den særskilte norskopplæringa per dags dato er tilstrekkeleg, men at det er ein risiko for at omfanget ikkje vil vere tilstrekkeleg ved tilkomst av nye elevar med dårlege norskdugleikar.

Vidare vurderer revisjonen at det er ein svakheit ved norskopplæringstilbodet at kommunen manglar tilbod om morsmålsopplæring og tospråkleg opplæring. Dette er etter vår vurdering ikkje eit brot på regelverket. Samstundes kjem det fram av opplæringslova § 1-8 at om kommunen ikkje kan sørgje for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring av eigna undervisningspersonell, skal kommunen så langt som mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa elevane sine føresetnadar. Det kjem fram av intervju at Sauda kommune ikkje har eigna undervisningspersonell til dette. Vidare kjem det fram av intervju at nokon kontaktlærarar opplever at ein manglar tid til å forberede minoritetslevane på undervisninga i klasserommet, noko som kan gje dei minoritetsspråklege elevane betre utbytte av undervisninga.

6. Tilrådingar

1. Kommunen bør fylgje opp og sikre at det nye systemet for skulebasert vurdering som er under utvikling blir sett i system og fylgt på skulane
2. Kommunen bør kommunisere tydelegare til dei tilsette kva som ligg i omgrepet skulebasert vurdering og kva ansvar skulane har for å gjennomføre skulebaserte vurderingar
3. Kommunen bør gjennomgå tildelingsprosessen for spesialundervisning for å identifisere moglegheita til å kunne forkorte prosessen
4. Ekstra pedagogisk tilbod til elevar som ventar på vedtak om spesialundervisning, bør definerast som tilpassa opplæring
5. Kommunen bør vidareføre fokuset for å sikre påfyll av spesialpedagogisk kompetanse i skulane
6. Skulane bør fokusere meir på å styrkje den tilpassa opplæringa til høgt presterande elevar

7. Uttale frå rådmannen

Til KPMG
v/ Håkon Lindberg

SVAR VEDRØRANDE FORVALTNINGSRAPPORT «KVALITET PÅ OPPLÆRINGA I SKULEN» SAUDA. KOMMUNE.

Me viser til rapporten og gir følgjande tilbakemelding.

Generelt

Rapporten er etter vårt syn fylldig og gir på dei fleste områda eit rett bilete av det den har vurdert. Den vil gi et godt grunnlag vidare utvikling av grunnskulen i kommunen.

Me foreslår å nytta omgrepet «Skuleeigar» i staden for «Kommunen» i rapporten. Det er dette som vert brukt i opplæringslova.

Merknader til tilrådingane som er forslått.

1. Kommunen bør fylje opp og sikre at systemet for skulebasert vurdering som er under utvikling blir sett i system og fylgt på skulane

Merknad. Ingen.

2. Kommunen bør kommunisere tydelegare til dei tilsette kva som ligg i omgrepet skulebasert vurdering og kva ansvar skulane har for å gjennomføre skulebaserte vurderingar

Merknader: Ingen

3. Kommunen bør gjennomgå tildelingsprosessen for spesialundervisning for å identifisere moglegheita for å kunne forkorte prosessen

Merknader: Ingen

4. Ekstra pedagogisk tilbod til elevar som ventar på spesialundervisning, bør definerast som tilpassa opplæring

Merknad:

Årsaka til at kommunen har denne praksisen er at dette gjeld elevar med store vanskar som må ha avvik i høve til opplæringsmåla i læreplanen. Når ein elev må ha avvik frå opplæringsmåla så krev dette eit enkeltvedtak i og med at læreplanen er ei forskrift. Me har og dialog med PP-tenesta og sikrar oss at desse elevane etter all sannsynlegheit vil få ei sakkunnig vurdering som konkluderer med behov for spesialundervisning. Me sikrar og at eleven får den opplæringa han rett på med denne praksisen, samstundes som kommunen får dokumentert at me har sett i verk tiltak snarast mogleg (tidleg innsats) Me brukar ikkje formuleringa «vedtak om» med «førebeles vedtak om»

5. Kommunen bør vidareføre fokuset for å sikre påfyll av pedagogisk kompetanse i skulane

Merknad : Ingen

6. Skulane bør fokusere meir på å styrkje den tilpassa opplæringa til høgt presterande elevar.

Merknad: Ingen

Vennleg helsing

Rune Kloster
Rådmann

Jakob Svandal
Kommunalsjef oppvekst og kultur

Vedlegg 1 Dokumentliste

Kvalitative resultat

- ✓ Arbeid med skuleresultat
- ✓ Frå data om skolen til pedagogisk praksis
- ✓ Tilstandsrapport for grunnskolen i Sauda 2016
- ✓ Tilstandsrapport for grunnskolen 2017
- ✓ Tiltaksplan for resultat av brukarundersøkingar i grunnskolen Sauda kommune
- ✓ Tiltaksplan for elevar i grunnskolen Sauda kommune

Nasjonale prøver

- ✓ Om skoleporten: <https://skoleporten.udir.no/omskoleporten/>
- ✓ Nasjonale prøver 5. trinn Sauda kommune: <https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/laeringsresultater/nasjonale-proever-5-trinn/sauda-kommune?orgaggr=a&kjonn=a&sammenstilling=1&fordeling=2>
- ✓ Skoleporten – hjelp til tolkning (Barneskule): <https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/laeringsresultater/nasjonale-proever-5-trinn/sauda-kommune/hjelptiltolkning>
- ✓ Nasjonale prøver Sauda ungdomsskule 8. trinn: <https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/laeringsresultater/nasjonale-proever-ungdomstrinn/sauda-ungdomsskule?orgaggr=o&kjonn=a&trinn=8&sammenstilling=1&fordeling=2>
- ✓ Nasjonale prøver Sauda ungdomsskule 9. trinn: <https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/laeringsresultater/nasjonale-proever-ungdomstrinn/sauda-ungdomsskule?orgaggr=o&kjonn=a&trinn=9&sammenstilling=1&fordeling=2>
- ✓ Skoleporten – Hjelp til tolkning (Ungdomsskule): <https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/laeringsresultater/nasjonale-proever-ungdomstrinn/sauda-ungdomsskule/hjelptiltolkning>
- ✓ Utdanningsdirektoratet Kva er nasjonale prøver?: <https://www.udir.no/eksamen-og-prover/prover/nasjonale-prover/om-nasjonale-prover/>

Elevundersøkinga

- ✓ Elevundersøkinga 7. trinn Sauda kommune: <https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/laeringsmiljoe/elevundersokelsen/sauda-kommune?orgaggr=a&kjonn=a&trinn=7&sammenstilling=1&fordeling=2>
- ✓ Elevundersøkinga 10. trinn Sauda ungdomsskule: <https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/laeringsmiljoe/elevundersokelsen/sauda-kommune?orgaggr=a&kjonn=a&trinn=10&sammenstilling=1&fordeling=2>
- ✓ Skoleporten – Hjelp til tolkning: <https://skoleporten.udir.no/rapportvisning/grunnskole/laeringsmiljoe/elevundersokelsen/sauda-kommune/hjelptiltolkning>
- ✓ Utdanningsdirektoratet Elevundersøkelsen: <https://www.udir.no/tall-og-forskning/brukerundersokelser/elevundersokelsen/>

Statistisk sentralbyrå

- ✓ SSB – kommunefakta Sauda: <https://www.ssb.no/kommunefakta/sauda>
- ✓ KOSTRA-statistikk omkring omfang av spesialundervisning og norskopplæring for minoritetsspråklege i Sauda kommune, Rogaland og Kostragruppe 03

Kommuneplanar

- ✓ Sauda kommune planprogram kommunedelplan for oppvekst og kultur i Sauda 2014-2023
- ✓ Kommunedelplan for oppvekst og kultur i Sauda 2015-2023
- ✓ Alvorleg skulefråvær ein rettleiar i arbeid med førebygging og oppfølging Sauda kommune 2015

Skulebasert vurdering

- ✓ Rutine skulebasert vurdering
- ✓ Årshjul skulebasert vurdering
- ✓ Vurderingsmøte grunnskular og vaksenopplæring
- ✓ Referat frå kommunalt foreldreutval KFU
- ✓ Referat frå rektormøtet 20. desember 2018
- ✓ Referat frå årsmøte skule 22. juni 2018
- ✓ Prosjektplan prosjektfase 1 Digitalisering i skolen
- ✓ Framdrift ny læreplan Fløgstad skule
- ✓ Plan for arbeid med førebuing av LK-20 og felles forståing av overordna del Risvoll skule
- ✓ Plan for arbeid med nye læreplanar LK20 Sauda ungdomsskule
- ✓ Plan for opplæring LK20 Austarheim skule
- ✓ Skjema for arbeid med pedagogisk analyse
- ✓ Plan desentralisert ordning for kompetanseutvikling Utdanningsregion NordR 2018
- ✓ Tiltak nasjonale prøvar 2018
- ✓ Tilbod om lesekurs etter nasjonale prøvar
- ✓ Tilbod om kurs haust 2018

Spesialundervisning

- ✓ Rutine for tilpassa opplæring og spesialundervisning
- ✓ Halvårsrapport mal – individuell opplæringsplan (IOP)
- ✓ Rutine, bekymring for læringsutbyte til elev
- ✓ Prosedyre om samarbeidet mellom Indre Ryfylke PPT og grunnskulen pr. 14.0.2018
- ✓ Tilvisingsskjema Indre Ryfylke PPT
- ✓ Kommunalt samarbeid når epikriser viser at barn har alvorlige vansker

Norskopplæring for minoritetsspråklege elevar

- ✓ Prosedyre for språkopplæring ved Sauda ungdomsskule
- ✓ Plan for mottak og inkludering av elevar med minoritetsspråklig bakgrunn i Sauda kommune

Vedlegg 2 Revisjonskriterier

Revisjonskriterier til problemstilling 2, skulebasert vurdering

Kravet om internkontroll fylgjer av *kommuneloven* § 23, *andre ledd*:

- "(...) Administrasjonssjefen skal sørge for at administrasjonen drives i samsvar med lover, forskrifter og overordnede instruksjer, og at den er gjenstand for betryggende kontroll."

Kommuneloven set ikkje formelle form- eller innhaldskrav til internkontrollen. Det går fram av lovforarbeida⁷ at det bør etablerast rutinar og system som skal bidra til å sikre at organisasjonen når dei måla som er sett og etterlev krava som gjeld.

Etter *opplæringslova* §9-1 skal kvar skule ha ei forsvarleg fagleg, pedagogisk og administrativ leiing. Rektor skal leie opplæringa i skulen og halde seg fortruleg med den daglege verksemda i skulane og arbeide for å vidareutvikle verksemda. Kommunen har etter §13-1 plikt for å sørge for grunnskuleopplæring for alle busett i kommunen.

Forskrift til opplæringslova § 2-1 *Skulebasert vurdering* lyd:

"Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Skuleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene."

Kravet i § 2-1 inneber at kvar skule v/ skuleleiinga jamleg skal vurdere i kva grad organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa medverkar til å nå måla som er satt.

Forskrift til opplæringslova § 2-2 stadfestar at skuleeigar skal medverke til å etablere administrative system og innhente statistiske og andre opplysningar som trengst for å vurdere tilstanden og utviklinga innanfor opplæringa. § 2-3 og § 2-4 gir skuleeigar ansvar for å sørge for at nasjonale undersøkingar om elevane sitt læringsmiljø og prøver, utvalsprøver og andre undersøkingar fastsett av departementet blir gjennomført.

Utdanningsdirektoratet sin rettleiar for den skulebaserte vurderinga skildrar korleis vurderinga bør gjennomførast. I dei skulebaserte vurderingane skal skulane:

- Gjennomføre skulebasert vurdering jamleg
- velje tema for vurdering basert på resultatet til skulen og måloppnåing for elevane
- vurdere om det er behov for endringar i organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæringa for å sikre og betre kvaliteten i opplæringa
- fylgje opp eventuelle endringar som skulen finn naudsynt å gjennomføre
- sørge for medverknad for lærarar og andre i vurderinga og gjennomføringa av endringar

Revisjonskriterier til problemstilling 3, spesialundervisning og tilpassa opplæring

Spesialundervisning

⁷ Frå Ot. prp. nr. 70 (2002-2003) kap. 4.3.

§5-1 i *opplæringslova* gir elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utnytte av det ordinære opplæringstilbodet rett til spesialundervisning. Det vektleggjast her at i vurderinga av kva opplæringstilbod som skal givast til eleven skal det leggjast særleg vekt på utviklingsutsiktene til eleven. Opplæringstilbodet skal gi eleven eit likeverdig og forsvarleg opplæringstilbod i forhold til dei andre elevane.

Etter §5-3 skal det ligge føre ei sakkunnig vurdering før vedtak om spesialundervisning. Denne skal gjennomgå eleven sine særlege behov, vise om eleven har behov for spesialundervisning og gi informasjon om kva opplæringstilbod som bør givast til eleven. Skulen føreteke den endelege vurderinga og fattar vedtak om eleven har rett på spesialundervisning eller ikkje. Om skulen sitt vedtak avviker frå den sakkunnige vurderinga skal grunngjevinga vise til kvifor kommunen meiner eleven likevel får eit opplæringstilbod om oppfyller retten til spesialundervisning.

Utdanningsdirektoratet sin rettleiar *spesialundervisning* vektlegg at det er to steg i vurderinga av rett til spesialundervisning:

- Steg 1: Vurdere om eleven får tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet
- Steg 2: Avgjere kva for eit opplæringstilbod eleven skal ha dersom det viser seg at eleven ikkje har tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.

Det påpeikast at eleven har rett til spesialundervisning, men inga plikt til å ta imot spesialundervisninga. Kommunen har vidare ansvaret for at elevane får oppfylt sin rett til spesialundervisning. Kommunen kan som skuleeigar delegere myndigheita til rektor.

Rettleiaren vektlegg at spesialundervisninga skal gi eleven eit likeverdig opplæringstilbod. Det vil seie at elevar med spesielle opplæringsbehov får dei same moglegheitene som elevar innanfor det ordinære undervisningstilbodet.

Tilpassa opplæring

Etter §1-3 i *opplæringslova* skal opplæringa tilpassast evnene og føresetnadane hjå den enkelte elev. Det kjem fram av *St.meld. nr. 16 2006-2007* og *ingen sto igjen tidlig innsats for livslang læring* at tilpassa opplæring er eit verkemiddel for læring. Alle elevar skal møte realistiske krav og utfordringar dei kan strekke seg etter, og som dei kan meistre. Tilpassa opplæring kjenneteiknast av variasjon i arbeidsoppgåver, lærestoff, arbeidsmåtar, læremiddel og variasjon i organisering og intensitet i opplæringa. Dette skal legge til rette for fremming av den enkelte og fellesskapet si læring. Opplæringa skal ikkje bare tilpassast fag og lærestoff, men også elevane sin alder og utviklingsnivå. Det påpeikast i stortingsmeldinga at det ikkje finnast nokon fasit korleis ein best skal fremje ei tilpassa opplæring. Her leggjast det vekt på at opplæringa er situasjonsavhengig og må vurderast utifrå konteksten læringa skal skje i. Tilpassa opplæring handlar slikt om å lokalt legge til rette for og gi støtte som bidreg til at alle elevar får eit tilfredsstillande utbytte av opplæringa.

Utdanningsdirektoratet påpeiker i rettleiaren *tilpasset opplæring for alle elevar* at tilpassa opplæring gjeld for alle elevar. Tilpassa opplæring er ingen individuell rett, men skal gå føre seg gjennom variasjon og individuell tilpassing i elevfellesskapet. Tilpassa opplæring gjeld både elevar som følgjer ordinær opplæring og for dei har spesialundervisning. Spesialundervisning er ein individuell rett i dei tilfella eleven treng ekstra tilrettelegging utover det ordinære opplæringstilbodet. Det kjem fram av rettleiaren at tilpassa opplæring er dei tiltaka som skulen sett inn for å sikre at alle elevar får eit best mogleg utbytte av opplæringa.

Revisjonskriterier til problemstilling 4, norskopplæring for minoritetsspråklige elevar

Opplæringslova §2-1 gir born som sannsynlegvis skal vere i Noreg i meir enn tre månadar rett til grunnskuleopplæring. *Opplæringslova §2-8* gir elevar i grunnskulen med anna morsmål enn norsk og samisk rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å fylgje ordinær opplæring i skulen. Elevane må ha vedtak om særskild norskopplæring.

Om nødvendig har elevane rett til morsmålsopplæring, tospråkleg fagopplæring eller begge delar. Når morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring ikkje kan givast av eigna undervisningspersonell skal kommunen så langt som mogleg leggje til rette for anna opplæring tilpassa føresetnadane til elevane.

Kommunen skal kartleggje dugleiken til elevane i norsk før det blir gjort vedtak om særskild språkopplæring. Kartlegginga skal også gjennomførast undervegs i opplæringa for å vurdere om elevane har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å fylgje den vanlege opplæringa i skulen. Kommunen står ganske fritt i korleis opplæringstilbodet skal organiserast. Det kan organiserast i eigne grupper, klassar eller skular. Dersom heile eller delar av opplæringa skal skje i grupper må dette fastsetjast i vedtak om særskild språkopplæring. Opplæring i særskilt organisert tilbod kan gis i inntil 2 år, om det er rekna for å vere til det beste for eleven. Vedtak kan fastsetjast for eit år om gangen.

Utdanningsdirektoratet sin rettleiar *Regelverket for minoritetsspråklige 6-16 år* definerer særskilt språkopplæring som ein samlebetegnelse på særskilt norskopplæring, morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring. Vurdering av rett til særskilt språkopplæring definerast som eit enkeltvedtak. Særskilt norskopplæring er ein forsterka opplæring i norsk. Minoritetslevar har rett til særskilt norskopplæring fram til ein har tilstrekkelege ferdigheiter i norsk til å fylgje vanleg opplæring i skulen. Om nødvendig har eleven også rett til morsmålsopplæring og/eller tospråkleg fagopplæring. Morsmålsopplæring er opplæring i morsmålet medan tospråkleg fagopplæring er opplæring i eit eller fleire fag på to språk. Om kommunen ikkje kan sørge for morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring av eigna undervisningspersonell skal kommunen leggje til rette for annan opplæring tilpassa elevane sine føresetnadar.

Utdanningsdirektoratet sin rettleiar *tilpasset opplæring og minoritetsspråklige elevar* vektlegg tydelege og stabile rutinar som viktig for norskopplæringa. Blant anna bør ein ha rutinar for mottak av nye elevar og rutinar for kven som har ansvar for språkkartlegging. Rettleiaren vektlegg at dette er viktig for at minoritetsleven skal oppleve samanheng og stabilitet i opplæringa.



Kontakt oss

Ole Willy Fundingsrud

Direktør

T +47 40 63 96 92

E ole.willy.fundingsrud@kpmg.no

Håkon Lindberg

Associate

T +47 47 28 25 16

E Hakon.Lindberg@kpmg.no

kpmg.no



© 2019 KPMG AS, a Norwegian limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent member firms affiliated with KPMG International Cooperative ("KPMG International"), a Swiss entity. All rights reserved.

This proposal is made by KPMG AS, a limited liability company and a member firm of the KPMG network of independent firms affiliated with KPMG International, a Swiss cooperative, and is in all respects subject to the negotiation, agreement, and signing of a specific engagement letter or contract. KPMG International provides no client services. No member firm has any authority to obligate or bind KPMG International or any other member firm vis-à-vis third parties, nor does KPMG International have any such authority to obligate or bind any member firm.